



# «Diabetikar i ein skulekvardag – elevperspektiv»

MASTEROPPGÅVE I PEDAGOGIKK

UNIVERSITETET I BERGEN – VÅR 2014  
DET PSYKOLOGISKE FAKULTET  
INSTITUTT FOR PEDAGOGIKK

Maryan Georgsdotter Mundal  
4386



Ei stor og varm takk til min sambuar Svein, mi søster Kim, gode kollegaer på Skei skule, rettleiar Anne Grete Danielsen, ei tolmodig svigermor og verdens beste barn!  
Utan dykk, ingen master – så enkelt er det.  
Nok ein gong, takk!

Maryan Georgsdotter Mundal

## FORORD

Under arbeidet med denne oppgåva, vart eg fort klar over at eg hadde teke meg «vatn over hovudet». Med vel 90% stilling som lærar, to kor og eitt korps som eg dirigerte, og eitt korps der eg var aspirantinstruktør, hadde eg avgrensa med tidsressursar til rådvelde. Når eg likevel valde å halde fram med studiet hadde dette konsekvensar for nokon. Eg må difor først av alt få takke familien min som har halde ut med meg og bak og støtta meg heile vegen frå start til mål. Med konstruktiv kritikk, med oppmuntrande merknader og skuldrer å felle ei tåre på, og med heiarop når det trengdest.

Eg vil også få takke Diabetessenteret Hordaland for uvurderleg hjelp med utsending av invitasjons- og informasjonsbrev. Utan den hjelpa dei gav meg, hadde oppgåva vorte nærast umogleg å få gjennomført.

Så må eg få takke fantastiske medstudentar som eg lærte utruleg mykje av, og som eg fekk fleire gode stunder saman med. Mine gode rettleiarar, professorar, føredragshaldarar og diskusjonspartnarar på instituttet må òg nemnast, og sist, men ikkje minst dei administrative tilsette, som har hjelpt meg som student med små og store problem undervegs.

Eg må heller ikkje gløyme dei vedunderleg opne og inkluderande informantane mine, som var ei utømeleg kjelde til informasjon, og som stod for nokre av dei minneverdige stundene i løpet av arbeidet med masteroppgåva.

Å jobbe med denne oppgåva har gitt meg ein smak av kva det vil seie å arbeide som forskar, og eg har fått stor respekt for den jobben dei gjer, det engasjementet dei legg ned, og dei mange, lange timane med detaljarbeid, sjekking og dobbeltsjekking.

## SAMANDRAG

Denne studien har teke for seg elevar med diabetes i grunnskulen og den vidaregåande skulen og deira perspektiv på eigen skulekvardag.

I gjennomgangen av temaet, som eg gjorde i løpet av det andre året på masterstudiet, fann eg at diabetikarane sitt eige perspektiv representerte eit lite undersøkt område i studiet av diabetikarar og skuleverket. Der vinklingar som inkluderte medisinske tema eller sosialpsykologiske tema var klart i overtal, var det nesten ikkje forska på elevane sitt eige perspektiv på eigen skuledag og korleis denne fungerte for dei. Dette gav heile feltet ei slagside, sett frå min synsvinkel, då nær sagt all annan forsking gjekk på tiltak for og konsekvensar av sjukdomen. Det finst lite om korleis diabetikarane sjølve opplevde desse tiltaka, og kva dei sjølve meinte hadde vore tenleg å gjere, kva for tiltak og tilrettelegging dei såg som naudsynte. Eg bestemte meg difor for å sjå nærmare på temaet gjennom ein studie som eg kalla *Diabetikar i ein skulekvardag – elevperspektiv*. Studien har vist seg å gi nokre interessante resultat, som eventuelt nye studiar i framtida kan sjå nærmare på, då desse resultata kan ha konsekvensar for framtidige tiltak og tilrettelegging for diabetikarar i skuleverket.

## SUMMARY

This study deals with young diabetics and their perspective on their schooldays. While surveying the theme, which was done before I started work on my study, I found that this point of view was a little researched area in the study of diabetics and the school system. While the viewpoints including medical themes or social psychology were clearly thoroughly presented, there were almost no studies on the specific subject of the students own perspective. This gave the whole field of research a lopsided feeling in my view, and I decided to look more closely into the theme with a study called *Diabetic in a school day – students perspectives*. This study has yielded some interesting results, which new or further studies may want to look into.

## **INNHALDSLISTE:**

<u>1.0</u>	<u>Innleiing</u>	.....	s.	8
1.1	Tema for prosjektet	.....	s.	10
1.2	Avgrensing av tema, målsetjing og problemstilling	.....	s.	10
1.3	Definisjonar av omgrep	.....	s.	11
<u>2.0</u>	<u>Tema sett i lys av annan forsking</u>	.....	s.	12
2.1	Forsking verda over	.....	s.	13
<u>3.0</u>	<u>Diabetikar i det norske skuleverket</u>	.....	s.	15
3.1	Historisk gjennomgang	.....	s.	15
3.1.1	Diabetes og behandling	.....	s.	16
3.1.2	Forventningar	.....	s.	16
3.1.3	Utfordringar	.....	s.	18
3.1.4	Diabetes og fritidsaktivitetar	.....	s.	18
3.2	Situasjonen i dag	.....	s.	19
3.2.1	Ny kunnskap og konsekvensane av den	.....	s.	20
3.3	Lovverk og retningsliner for sosialt miljø og læringsmiljø i skulen	.....	s.	22
3.3.1	Opplæringslova	.....	s.	22
<u>4.0</u>	<u>Teoretiske perspektiv</u>	.....	s.	23
4.1	Sosiokulturelle læringsperspektiv	.....	s.	23
4.1.1	Lev Semonovitch Vygotski: Det sosiokulturelle perspektivet	.....	s.	24
4.1.2	Arven etter Vygotski – utvikling og påbygging	.....	s.	24
4.2	Sosial kognitiv teori – Albert Bandura	.....	s.	25
<u>5.0</u>	<u>Kunnskapsteoretisk bakgrunn og metodeval</u>	.....	s.	26
5.1	Kvalitativ metode	.....	s.	27
5.1.1	Utval	.....	s.	29
5.1.2	Intervjuguide	.....	s.	30
5.1.3	Informert samtykke	.....	s.	31
5.1.4	Anonymitet og frivillig deltaking	.....	s.	32
5.2	Gjennomføring av intervjuua	.....	s.	32
5.2.1	Stad og råmer for intervjuua	.....	s.	33
5.2.2	Bruk av intervjuguiden	.....	s.	33

5.3	Transkribering og analyse.....	s.	34
5.4	Kategorisering av funn.....	s.	34
5.5	Validitet, reliabilitet og generalisering.....	s.	35
5.5.1	Validitet og reliabilitet.....	s.	36
5.5.2	Generalisering.....	s.	38
<u>6.0</u>	<u>Presentasjon av funn</u> .....	s.	38
6.1	Den daglege situasjonen i klassen.....	s.	39
6.2	Tilhøvet til lærarane.....	s.	40
6.3	Tilhøvet til medelevane.....	s.	43
6.4	Fordelar og ulemper.....	s.	43
6.4.1	Fordelar.....	s.	44
6.4.2	Ulemper.....	s.	44
6.5	Framtidstankar.....	s.	46
6.6	Non-Verbal kommunikasjon.....	s.	47
<u>7.0</u>	<u>Teoretisk analyse og drøfting</u> .....	s.	49
7.1	Frå det sosiokulturelle perspektivet.....	s.	49
7.1.1	Modellar i kvardagen.....	s.	50
7.2	– Frå perspektivet til Opplæringslova.....	s.	51
7.3	Kvífor er eleven sitt perspektiv viktig?.....	s.	52
7.3.1	Kvar elev og kvart perspektiv er unikt.....	s.	53
7.3.2	Konsekvensar for vidare skulegong og yrke.....	s.	53
<u>8.0</u>	<u>Oppsummering</u> .....	s.	55
8.1	Sentrale funn.....	s.	57
8.2	Implikasjonar for vidare arbeid og forsking.....	s.	58
Litteraturliste.....		s.	59
Vedlegg 1: Intervjuguide.....		s.	63
Vedlegg 2: Invitasjonsbrev og informasjon om prosjektet, samt samtykkeerklæring.....		s.	65
Vedlegg 3: Diabetesforbundet sine krav til statsbudsjettet 2015.....		s.	66
Vedlegg 4: Prosjektskildring diabetesskulesekken.....		s.	68
Vedlegg 5: Høyringssvar – rutinar for legemiddelhandtering i barnehage, skule og SFO.....		s.	75
Vedlegg 6: Kvittering frå NSD, prosjektnummer 28233.....		s.	76

## **1.0 INNLEIING**

I denne oppgåva, så vel som i tittelen på oppgåva, har eg omtala desse elevane med diabetes som «diabetikarar». Dette er eit val eg har teke med følgjande grunngjeving: «Diabetikar» er den nemninga som vert nytta både av diabetikarane sjølv, og av interesseorganisasjonen Diabetesforbundet. Ein elev med diabetes har ikkje berre ein diagnose, det er noko han eller ho *er*, resten av livet. Det kan ikkje kurera, ein kan ikkje verte kvitt det, og ein må ta omsyn til diabetesen sin i alt ein gjer. Viss ikkje ein tek omsyn til diabetesen sin, tek ein i praksis livet av seg sjølv.

Diabetes har, etter det forskarar har funne evidens for, eksistert så lenge det har funnest menneske (Diabetesforbundet, 2008). Dei tidlegaste kjeldene er over 3500 år gamle og stammer frå egyptiske papyrusar. Hovudsakleg har sjukdomen arta seg som type 1, eller insulinavhengig (Type 1, 2014). Dette var i realiteten det same som ein dødsdom, då insulin som kunne tilførast gjennom sprøyter, ikkje vart utvikla før i 1922 ([www.diabetes.no](http://www.diabetes.no)).

Ein annan type diabetes har hatt ein eksplosiv auke dei siste 20 åra. Type-2 diabetes – også kalla livsstilsdiabetes – har auka til det som av mange vert kalla ein epidemi: Unge menneske, mange av dei under 30 år, utviklar type-2 diabetes (Type 2, 2014). Konsekvensen er at seinskader av diabetes, som nyreproblem, synsproblem, nervesmerter og mage-/tarmproblem, opptrer tidlegare (Type 2, 2014). Denne «epidemien» som tidlegare vart rekna som eit velstandsproblem, er no vorte eit globalt problem, og studiar på dette området har vore gjennomført over heile kloden. Diabetes type 2 vert ofte knytt opp mot ein usunn og stillesitjande livsstil, og sjølv om nyare forsking viser til at det er ein genetisk komponent også i denne forma for diabetes, er det ingen tvil om at usunne matvaner og ein passiv livsstil er utløysande faktorar (Type 1, 2014; Type 2, 2014).

Mange oppfatningar om diabetes har vorte sanningar om diabetes, og desse kan vere djupt rotfesta i samfunnet, noko som kan påverke både kvar dagen og sjølvkjensla til sårbare, unge menneske med diabetes. Det vert framleis i ei viss utstrekning forbunde med skam å få diabetes, og mange unge diabetikarar opplever det som ei tilleggsbelastning til sjukdomen (Diabetespsykologi, 2010; Haug, 2010; Kvam, 2010). Spørsmåla dei mange gonger får, kan vere eit resultat av manglande eller feil kunnskap hjå spørsmålsstillaren, som til dømes: «Spiste du masse snop før

du ble sjuk?», «Kortid vert du frisk?», og «Du kan vel ikkje trimme du, eller spise kake?» er eksempel på.

Så kan ein stille seg spørsmålet: Kva har dette med diabetikarar sitt perspektiv på eigen skulekvardag å gjere?

Skamma ved å få diabetes kan framleis vere til stades, og det er i tillegg mange som av denne og andre årsaker opplever det å setje sprøyter som ei stor utfordring. Ikkje fordi det er vanskeleg, men fordi dei ikkje vil at folk skal sjå på dei når dei gjer det (Diverse, 2009). Dette kan mellom anna føre til at dei ikkje set naudsynt medisin dersom dei ikkje finn ein privat stad der dei kan gjere dette. I tur fører denne åtferda til at dei har større risiko for episodar med høgt blodsukker, med det dette inneber: Dei vert fysisk uvel, får problem med åtferda, problem med konsentrasjonen, hovudverk, svimmelheit, og så vidare (Diverse, 2009).

Insulin - som alle type 1-diabetikarar er avhengige av - er eit hormon som vert produsert i bukspyttkjertelen, i betacellene i dei Langherhanske øyer. Insulinet si oppgåve i kroppen er å bringe energi, blodsukker, frå blodstraumen til musklane, hjernen og andre energikrevjande prosessar i systemet og halde blodsukkeret stabilt innafor ei viss grense (Knopf, 2007). Diabetikarar med type 1-diabetes har ikkje insulinproduksjon sjølve og treng difor tilførsel av kunstig insulin. Når dei kjem i puberteten får dei ofte ein ekstra utfordring. Mange hormon vert påverka av puberteten, og sjølv personar utan diabetes kan oppleve svingingar i blodsukkeret når puberteten set inn (Diabetes og alkohol, 2011; Diverse, 2009; Hopkins, 2004: 35; Langeland, 2010; Nguyen, 2008: 575).

Lovverket er innretta slik at alle elevar skal ha optimale tilhøve til ei kvar tid og ut i frå sin ståstad og sine føresetnader. Dette har ein ivareteke gjennom opplæringslova (1998), som i §9a-1 sler fast at «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring». *Har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.* Kva tyder dette eigentleg? Og kva for konsekvensar har det for skulane i praksis? Kva for konsekvensar har det for elevane dersom det i praksis *ikkje* er slik? Desse spørsmåla er vevde inn i spørsmåla vedrørande diabetikarane sine opplevingar i skulen, fordi dei i stor grad både påverkar og forsterkar kvarandre gjensidig.

## **1.1 TEMA FOR PROSJEKTET**

Temaet mitt er, kort samanfatta: Diabetikar i ein skulekvardag, eit elevperspektiv. Hovudfokuset er på eleven si oppfatning og oppleving av sosialt miljø, klasseromsmiljø, læraren sin kunnskap, medelevane sin kunnskap og oppfatninga dei har av si eiga læring. Det vil seie: I kor stor grad dei trur at læraren og medelevane sin kunnskap har konsekvensar for den. Under dette kjem korleis problemepisodar vert oppfatta, altså episodar med høgt eller lågt blodsukker. Dersom problemepisodane vert oppfatta som «tøys» eller at «eleven skapar seg» frå lærarane si side, vil dette kunne føre til at eleven vert utrygg. På same måte vil det gå ut over eleven si tryggleikskjensle dersom medelevane gjer narr av slike episodar. Kor trygg eleven er på at han/ho vert ivaretaken og sett, er òg eit sentralt spørsmål, likesom korleis diabetesen vert oppfatta og kva medelevar og lærarar forbind med diabetes. Til slutt kjem sosiale problem eller utfordringar og korleis det kjennest *å vere diabetikaren*. Alt dette er spørsmål som omhandlar tryggleikskjensle og korleis ein meistrar ulike situasjonar i tillegg til diabetesen (Haug, 2010).

## **1.2 AVGRENSING AV TEMA, MÅLSETJING OG PROBLEMSTILLING**

I utgangspunktet hadde eg tenkt å ta føre meg alle sider av det å vere diabetikar i skuleverket, og sjå på fysiologiske så vel som psykologiske resultat, men eg innsåg raskt at det vart ei oppgåve stor nok til fleire mastergrader. Eg valde difor å snevre inn temaet til å gjelde unge diabetikarar sine eigne perspektiv på eigen skulekvardag, med vekt på det psykososiale miljøet, altså interaksjonar med lærarar og medelevar, utfordringar og meistring av desse. Teorien som eg vil nytte for å sjå nærmare på det psykososiale miljøet, har eg for det meste funne i sosiokulturell teori og sosial kognitiv teori.

Målsetjinga med oppgåva er å identifisere og isolere nokre av dei elementa som definerer og formar kvardagen til diabetikarar i den norske skulen. Spørsmåla, og dermed òg problemstillinga som eg formulerte, er:

- Korleis opplever unge diabetikarar skuledagen sin, klassekameratane og lærarane?
  - Korleis trur dei at andre oppfattar dei?
  - Trygg og ivaretaken, eller åleine og på sjølvstyr: Korleis opplever dei dette?

- Når dei opplever høgt eller lågt blodsukker, har dei tiltru til at læraren og dei andre vaksne i miljøet har den praktiske og teoretiske kunnskapen som skal til?

### **1.3 DEFINISJONAR AV OMGREP**

**Type-1 diabetes** – ein tilstand der bukspyttkjertelen sin insulinproduksjon opphører. Dette fører til at kroppen ikkje tek opp glukose frå blodet, og tilstanden er fatal dersom det ikkje vert tilført kunstig insulin gjennom injeksjonar. Tilstanden inntrer vanligvis når pasienten er relativt ung, 0-20 år, men kan og inntra hjå vaksne: LADA – Latent Autoimmune Diabetes of Adults (Type 1, 2014)

**Type-2 diabetes** – ein tilstand der kroppen sitt eige insulin ikkje lenger er tilstrekkeleg og blodsukkernivåa, dersom tilstanden ikkje vert oppdaga og behandling ikkje vert igangsett, kan verte livstrugande høge. Tilstanden kan behandlast gjennom kosthaldsregulering, medisinering og/eller insulininjeksjonar. Denne typen var tidlegare kjent som «gamalmannsdiabetes» då han gjerne oppstod etter fylte 65 år. Han vert no meir og meir vanleg òg i blant unge og er betrakta som ein av dei største helseutfordringane vi har på verdsbasis. Når denne inntrer hjå unge menneske, er det som MODY – Maturity Onset Diabetes of the Young (Type 2, 2014).

**Hypoglykemi** – lågt blodsukker; nivået på blodsukkeret er *under* 4 millimol per liter. Dette skjer særskilt sjeldan hjå personar som ikkje har diabetes. Det er fire alvorsgrader av «føling», som denne tilstanden vert kalla:

- Lett føling, der ein treng litt karbohydrat, men elles kan fortsetje med det ein held på med,
- b) litt meir alvorleg føling, der det ein held på med må avbrytast, men ein klarer seg fint utan hjelp,
- c) alvorleg føling, der ein treng hjelp, og
- d) insulinsjokk, der medvitet er redusert, evna til å ta til seg fast og flytande føde er fråverande, og ein er avhengig av hjelp frå andre.

Gjentekne insulinsjokk kan føre til nedsett hukommelse og er særstakt farleg for små born (Hypoglykemi, 2014). Tilstanden kan mellom anna føre til hjerneskader, noko forskarar har funne bevis for hjå eldre skuleborn med diabetes.

**Hyperglykemi** – høgt blodsukker; nivået på blodsukkeret er *over* 10-12 millimol per liter. Normalblodsukkeret hjå ein person utan diabetes ligg mellom 4 og 8. For diabetikarar er det vanleg med blodsukkermålingar, enkeltmålingar, over dette, men over 15-18 mmol/l vert rekna som høgt. Det ein prøver å få til, er eit blodsukker som ligg stabilt mellom 3 og 10 mmol/l. Eit høgt blodsukker over lang tid aukar faren for syreforgifting, ein livstrugande tilstand som fører med seg store endringar i surleiksgraden i blodet (*diabetisk ketoacidose*). Denne tilstanden kan føre til diabetisk koma. Hjå type 2 diabetikarar er tilstanden relativt sjeldan, men høgt blodsukker aukar faren for seinkomplikasjonar (Hyperglykemi, 2014). Slike komplikasjonar inkluderer mellom anna nyreskadar, problem med blodomlaupet, sår som ikkje vil gro (koldbrann), augeskader (nedsett syn, diabetisk blind), mage- og tarmproblem, nervesmerter og muskelsmerter (Hyperglykemi, 2014).

## **2.0 EMNET FOR OPPGÅVA SETT I LYS AV ANNAN FORSKING**

Då eg starta med dette prosjektet, vart eg raskt klar over den overveldande mengda med forsking som vart og framleis vert gjort innafor dette feltet. Forskinga eg har sett på, som berre er toppen av isfjellet, tek først og fremst føre seg helsesøstre, skulehelsetenesta, foreldre, lærarar og medisinsk personell sine syn og perspektiv. Område som hjerneskader, skuleresultat og frykt for lågt blodsukker har alt saman vore grundig dekka.

Men eg la etter kvart merke til eit område som var oversett i stor grad: Ungdom med diabetes sine erfaringar og perspektiv når det gjeld deira eigen skuledag. Eg har ikkje funne undersøkingar på dette temaet, trass i fleire søk. I tillegg kan det vere forskjellar mellom kommunar. Der ein har sett inn tiltak for å støtte og rettleie ungdom med diabetes, har ein naturleg nok eit ønskje om å finne ut korleis dette fungerer. Objektive mål, som hbA1c (langtidsblodsukker, gjennomsnitt), kolesterol og blodtrykk er viktige og naudsynte mål for dette. Men for å finne ut korleis tiltaka fungerer i kvardagen, om dei er naudsynte, om dei har den verknaden ein ser føre seg, er ein nøydd til å spørje dei som er brukarar av tiltaka: Diabetikarane

sjølve. Det same gjeld for dei skulane der det ikkje er noko tilpassing. I alle studiane eg såg på, var dette knapt nok gjort. Dette gav forskingsfeltet ei lita slagseite etter mitt syn, og det gav meg ideen til å sjå nærmare på temaet.

## 2.1 FORSKING VERDA OVER <sup>1</sup>

Mykje av forskinga som har vore gjort, stammar frå U.S.A., der ein lenge har hatt fokus på å forske på ulike grupper i skulen.

Forskinga på diabetes/diabetikarar i skulen, har ofte ei medisinsk vinkling. Denne gjeld til dømes diabeteskontroll, måling, resultat, skuleprestasjonar og hjerneskader (Brands, 2004; Taras, 2005; Yau, 2010). Forskinga som er retta mot det sosiale aspektet av skulekvardagen, tek ofte for seg lærarar og medelevar og ser på deira reaksjonar og kunnskapar (McCarroll, 2009; Wagner, 2006). I tillegg har det vore gjort fleire studiar på innverknaden av vene- og omgangskrets på dagleglivet og val som diabetikaren tek i løpet av skuledagen og fritida (Carroll, 2006; Helgeson, 2006; Kakleas, 2009).

### a) Studiar av lærarar, rådgjevarar og kunnskapsnivå

Nokre av desse studia har hatt kunnskapsnivået til rådgjevarar og lærarar i fokus, og ser på kva for konsekvensar dette får for elevane (Wagner, 2006). Ei slik studie er *Knowledge and attitudes of high school teachers towards pupils suffering from chronic diseases*, av Uzi Brook og A. Galili (Brook, 2001).

Denne artikkelen byggjer på ei undersøking gjort ved ein av fem skular i Holon; den fjerde største byen i Israel. Skulen var tilfeldig valt, og det er 100 lærarar på skulen, der 58 av desse deltok i studien. Studien undersøkte kva lærarane visste om kroniske sjukdomar hjå studentane og kva for haldningar dei hadde til slike studentar. Det er kjend at studentar med kroniske sjukdomar kan utvikle stress, sinne, frustrasjon, psykologisk ustabilitet og utmatting. På same måte kan dei også utvikle skulefobi og søvnvanskars. I tillegg startar ofte diskriminering og mobbing av elevar med kroniske sjukdomar, med manglande kunnskapar hjå læraren. Artikkelforfattarane har ei rekke forslag til tiltak for å rette opp denne situasjonen, mellom anna obligatorisk undervisning for lærarane og eit eige fag i skulen (Brook, 2001).

<sup>1</sup> = Kap. 2 er delvis basert på eit litteraturreview, skrive til oppgåva haust 2012 (Mundal, 2012).

### **b) Studiar av medisinske konsekvensar**

Som nemnt over, så er medisinske spørsmål klart overrepresentert i forskinga, noko som vert illustrert mellom anna i: *Chronic health conditions and student performance at school* av Howard Taras og William Potts-Datema (Taras, 2005).

Denne artikkelen er ein review-artikkel som tek føre seg forsking gjort på ulike kroniske helseplagar og elevane sine akademiske resultat. Helseplagene som er inkludert er diabetes, sigd-celle anemi og epilepsi. Artiklane som er valde ut, er tekne med på grunnlag av følgjande kriterium: Aldersgruppa som er undersøkt er mellom 5 og 18 år, og forskinga inkluderte minst eitt av desse utfalla: Oppmøte på skulen, akademiske resultat, eit mål på generelle kognitive evner (generell intelligens, minne) og merksemnd. Når det gjeld diabetes, så er 15 artiklar inkludert i studien, der samtlege ser på samanhengar mellom tidleg utbrot av diabetes (før fylte 5 år), eller ei historie med alvorlege følingsepisodar, og problem med kognitiv funksjon. Blant dei kognitive funksjonane som er berørte, er: Verbal IQ, visiospatiell/nonverbal funksjonalitet, minne og konsentrasjonsevne. Forsking som er gjort etter 1994 ser ut til å styrke desse resultata, der det ser ut til at born med diabetes har ei klar ulempe akademisk. Kor stor ulempe det er snakk om kjem an på kor alvorlege episodar med hypoglykemi pasienten har hatt, eller kor gammal pasienten var då diabetesen slo ut. Konklusjonen til artikkelforfattarane er at det trengst meir forsking, ikkje minst på sjukdomar som har auka i omfang dei siste åra, som astma og allergi (Taras, 2005).

### **c) Studiar med psykologisk vinkling**

Ei anna vinkling som og har vore godt dekka, er den psykiske og ssosiale synsvinkelen. Fleire av studia eg såg på dekka ulike sider av det psykologiske aspektet, som tilhøvet til vene og jamaldringar (Carroll, 2006; Helgeson, 2006; McCarroll, 2009), psykisk sjukdom eller psykologiske vanskar (Geist, 2003; Kakleas, 2009; Storch, 2006; Wild, 2007), tilhøvet til foreldra og andre vaksne og opplevinga av skulen (Faro, 2005; Hayes-Bohn, 2004; Wagner, 2006).

### **d) Den manglande synsvinkelen**

Den vinklinga som synest underrepresentert, var studentane eller elevane med diabetes sitt *eige perspektiv* på det å vere diabetikar i ein skulekvardag. Trass i mange sok med ulike søkeord og kriterium, har eg ikkje lukkast i å finne denne synsvinkelen sjølv om sannsynet tilseier at slike studiar må ha vore gjennomførte, men kan hende ikkje på

engelsk. Databasene eg har søkt i, er: PubMed, ScienceDirect (Elsevier), Web of Science og Google Scholar. Søkjeorda eg brukte, var: *diabetes, adolescent, adolescence, school, hypoglycaemia, hyperglycaemia, learning-/social-/emotional-problems, knowledge, chronic diseases, teacher's perspective, students perspective*

Det som eg såg i løpet av mine søk var at omfanget av den forskinga som vert gjort, har vaksse til enorme proporsjonar dei siste åra. Forskinga, som i utgangspunktet var størst i USA, har no vaksse seg stor over heile kloden, og både i Europa, Asia og Afrika vert det gjennomført større forskingsprosjekt. Mange av desse såg lovande ut i høve til temaet mitt, men diverre var dei berre tilgjengelege på til dømes fransk. Studiar som berre var tilgjengelege på arabisk eller asiatiske språk fall og ut, all den stund desse språka ikkje utgjer ein del av kunnskapsområdet mitt.

### **3.0 DIABETIKAR I DET NORSKE SKULEVERKET**

Diabetikarar har vore ein del av det norske skulesystemet i praksis så lenge det har eksistert, og fått erfaringar, både positive og negative. I det følgjande søker eg å gje ein bakgrunn for kvifor denne studien vart til i utgangspunktet.

Å ta føre seg heile historia til diabetikarane i det norske skuleverket, ville vore for omfattande. Eg vil likevel gje ei kortfatta framstilling av utviklinga dei seinare åra.

#### **3.1 DIABETIKRAR OG SKULEVERKET**

Når ein diabetikar starta på skulen for femti år sidan, var det i eit system, der læraren i første rekkje spela på lag med lækjar og sjukehus. Foreldra og barnet med diabetes hadde lite eller ingenting å seie (Diverse, 2009). Dette har radikalt endra seg, og behandlinga av diabetes vert no meir og meir individuelt tilpassa, der diabetikarane har ei stemme inn i avgjerdslar som vert tekne. Men skulen har tilsynelatande og utvikla seg i retning av større og større einingar med fleire lærarar og assistenter. Dette kan ha ført til at læraren ikkje lenger har den kontrollen på kvar enkelt elev som ein lærar med alle borna i same klasserom heile tida hadde.

### **3.1.1 DIABETES OG BEHANDLING**

Mykje positivt har skjedd med diabetesbehandlinga dei siste ti åra. Vi har fått betre medisinar, betre insulin, meir kunnskap om samanhengar og utløysande faktorar. Diabetikarar har gått frå å vere strengt kosthaldsregulerte, til å leve tilnærma normale liv (Diverse, 2009). Men framleis er det ein føresetnad at blodsukkeret må haldast under streng kontroll, dersom ein ikkje vil ha problem med seinskadar og tilleggssjukdomar, som hjarte- karsjukdomar, synsproblem, nyreskadar og liknande .

Mykje er no overlatt til diabetikarane sjølve, med blodsukkermåling, insulinregulering og kosthald, og dette fører til nye utfordringar for dei det gjeld (Haug, 2010). Der ein før hadde streng kontroll frå fastlegen, og strenge rutinar og kostplanar som mellom anna skulen hadde kopiar av, er det no ofte eleven sjølv og foreldra som har ansvaret og kontrollen (Kvam, 2010). Lærarane får kan hende informasjon om kva dei skal gjere i ein gitt situasjon, men den praktiske opplæringa er mangelfull. Dette kan føre til at mange reserverer seg mot å gripe inn, då dei er usikre på kva som er rett å gjere ved til dømes hypoglykemi (Hayes-Bohn, 2004: 166; Skolen og diabetes, 2014; Wild, 2007: 14-15).

Ein viktig del av behandlinga er fysisk aktivitet, men sjølv om dette er bra for diabetikarane (og resten av elevane), aukar det og sannsynet for at hypoglykemi oppstår. Dette er ei av årsakene til at mange diabetikarar vegrar seg for å vere så aktive som dei burde (Fysisk aktivitet, 2014; Valerio, 2005: 380-381).

### **3.1.2 FORVENTNINGAR**

Når foreldre eller føresette sender borna sine til skulen, så forventar dei at borna er trygge der. Men dette er det diverre ikkje alltid slik i røynda. Når elevane skal ta spranget frå barneskuletrinnet til ungdomsskuletrinnet, er det mykje informasjon som skal formidlast mellom desse to skuleslaga. Dette gjeld både faglege evner, fysiske evner eller utfordringar og andre element som kan ha innverknad på skulekvardagen til vedkomande elev. Anten dette spranget er frå barneskulen til ungdomsskulen eller frå ungdomsskulen til vidaregåande, er det lett at ein del av denne informasjonen går tapt på vegen. Kvifor dette skjer, kan det vere mange svar på. Det spørst om ikkje eit av svara kan ligge i kven som har ansvaret for å informere om diabetes hjå ein av elevane, og kva for slags informasjon som vert gjeven.

## **Informasjon**

*Informasjonsspørsmålet* er sentralt for både eleven og skulen. Det kan delast inn i to hovudbolkar: Kven er ansvarleg for at naudsynt og tilstrekkeleg informasjon kjem ut til dei som skal ha den? Og kven skal eigentleg ha informasjon om elevar med diabetes? Det er lett å seie: «Dei som har med eleven å gjere.», men det er ikkje så enkelt. Kontaktlærarar, timelærarar, vikarar, assistentar, helsesøster, administrasjon, reinhaldspersonell - alle desse kan kome i ein posisjon der dei må handtere ein elev med høgt eller lågt blodsukker. Ein kan stille spørsmål ved om det i det heile er mogleg å lage ei fullstendig og utfyllande liste. Men kort sagt gjeld det alle som er ein del av skulekvardagen der eleven oppheld seg (Liavåg, forbundsleiar Diabetesforbundet, årsmøtet 2009 (Skolen og diabetes, 2014)).

Så er det og eit viktig spørsmål kven som skal gje denne informasjonen. Diabetesforbundet gav for nokre år sidan ut ein DVD med informasjon om born med diabetes som vart distribuert til alle skulane i Noreg: «Bli bedre kjent med meg – Barn med type 1-diabetes i barnehage og skole» (2009). I kor stor grad denne vert nytta i skuleverket, er ikkje blitt nærmare undersøkt (Diabetesforbund, 2009).

Ideelt sett kunne det vore skulen sjølv som hadde ansvaret for informasjonen. Ein mogleg start kunne vere å invitere Diabetesforbundet til å kome og halde kurs på skulane (Skolen og diabetes, 2014). Som regel er det likevel foreldra eller eleven sjølv som informerer klassen om kva det vil seie å ha diabetes, og kva dei skal gjere dersom noko hender eller eleven oppfører seg rart. Informasjonen som vert gjeven frå skulen si side, kan ofte vere ufullstendig og verke overflatisk; videoar/DVD’ar og informasjonsskriv om emnet hamnar tilsynelatande ofte på hylla. Dersom mange diabetikarar føler at informasjonen om og oppfølginga av sjukdomen er mykje opp til dei sjølve, kan dette kan hende vere forståeleg.

Dette tyder vidare at ressurssterke foreldre eller andre ressurspersonar tilsynelatande i mange tilfelle må ha vore heilt sentrale for at informasjonen skal kome ut til dei som treng den – det ser ikkje ut til å vere slik at skulen tek dette ansvaret aktivt. Er foreldra eller dei føresette personar som av ulike årsaker ikkje har dei ressursane som trengst i denne situasjonen, så kan dette gjere situasjonen vanskeleg både for eleven og for skulen. Men informasjon er berre det første av fleire tema som er sentrale for born og unge med diabetes i skulen.

### **3.1.3 UTFORDRINGAR**

Konsentrasjon er eit anna sentralt tema når det gjeld diabetikarar i skuleverket, og ei utfordring for diabetikarane. Konsentrasjon kan påverkast av mange faktorar, både i omgjevnadene og i personen sjølv, og for diabetikarar er det i tillegg problemet med høgt og lågt blodsukker. Begge tilhøva har konsekvensar for konsentrasjonsevna, ikkje berre kortsiktig, men òg langsiktig (Brands, 2004: 159; Yau, 2010: 2298). Denne kunnskapen kan ein ikkje forvente at skulen har dersom dei ikkje aktivt har gått inn for å få den, eller foreldra/diabetikaren sjølv gir den til skulen. Konsentrasjon, eller fokuseringsevne, kan vere avgjerande for kor mykje ein får med seg av undervisninga og kor stort utbyte ein har av undervisninga (Brands, 2004: 160-161). Dersom ein elev vert sitjande i ein time eller fleire med nedsett konsentrasjon, fordi eleven til dømes har hatt ein episode med høgt blodsukker, er det særstakt uheldig for eleven. Men dersom dette gjentek seg fleire gonger, gjerne fleire gonger i veka, er det då ikkje eit teikn på at rutinar har svikta på skulen? Eitt anna, viktig, moment er at skulen i så fall ikkje fyller sine forpliktelsar i høve §9a-1 i Opplæringslova (1998).

#### **Blodsukkerekspisodar**

Det siste temaet eg vil ta opp i denne omgang er eit praktisk spørsmål: Kva gjer ein når eleven har ein episode med høgt eller lågt blodsukker? Å ha fått den naudsynte informasjonen om tilstanden er ingen garanti for at ein veit kva ein skal gjere når behovet melder seg. Korleis påverkar det eleven dersom han eller ho er usikker på at denne kunnskapen er til stades (Haug, 2010)? Er det ikkje viktig for eleven å vite at det er vaksne, og elevar, som veit kva dei skal gjere og korleis dei skal opptre når slike episodar inntreff? Diabetesforbundet har utarbeidd informasjons- eller faktaark om desse tilstandane, der dei og legg fram korleis ein kan hjelpe til og kva ein skal gjere. Dette vert berre papir dersom dei ikkje vert aktivt brukte og informerte om (Hyperglykemi, 2014; Hypoglykemi, 2014).

### **3.1.4 DIABETES OG FRITIDSAKTIVITETAR**

Bakgrunnen for å inkludere dette temaet i oppgåva, er for det første det auka fokuset på aktivitet i kvardagen, spesielt skulekvartdagen, som vi har sett dei siste åra, og for

det andre det faktum at mange stader går fritidsaktivitetar og skuledag mest i eitt for ungdomane. Skuledagen er knapt nok avslutta før fotballen eller handballen startar, og dei ulike aktivitetane påverkar kvarandre gjensidig. Ikkje minst gjeld dette for ein diabetikar, som må ta omsyn til blodsukker og insulinbereking. Ei anna side ved fritidsaktivitetar, er at dei mange gonger kan føre til seine kveldar, og dette kan påverke blodsukkeret langt utpå dagen etter.

Elevar i skuleverket som er diabetikarar, er først og fremst ungdomar. Diabetikarane vil òg vere med sosialt. Dette tyder at dei er som dei fleste andre ungdomar; dei har ei vid rekkje med fritidsaktivitetar som dei deltek i eller ønskjer å prøve. Nokre er aktivitetar som ikkje krev stor fysisk innsats, som korsang og frimerkesamling. Andre aktivitetar som ikkje nødvendigvis krev stor fysisk innsats, er til dømes 4H og quizkveldar. Men som mange andre ungdomar, ønskjer også mange ungdomar med diabetes å delta på til dømes idrettsaktivitetar, og det fører gjerne til utfordringar med blodsukkermåling og insulinbereking (Fysisk aktivitet, 2014). Det finst rett nok idrettsutøvarar på profesjonelt nivå innan både fotball, handball og skiidrettar, som har diabetes og som taklar dette bra. Likevel oppmodar framleis helsevesenet diabetikarar til å unngå visse typar idrettar då det kan vere farleg (Pedersen, 2013). Dette gjeld grunna faren for hypoglykemi, som kan gje alvorlege konsekvensar for utøvaren. Enkelte aktivitetar er det umogleg for type 1-diabetikarar og insulinavhengige type 2-diabetikarar å ta del i, dette gjeld fallskjermhopping, seglfly, mikrofly, friballong, og dykking. Hanggliding og paragliding kan ein diabetikar drive med, men på visse vilkår eller dispensasjon (Rett og urett, 2014). Desse avgrensingane gjeld og til dels for tabletregulerte type 2-diabetikarar.

### **3.2 SITUASJONEN I DAG**

Nyare forsking har gitt oss fleire svar når det gjeld årsakene til at diabetes vert utvikla. Men framleis står forskarane med fleire spørsmål enn svar. Det er faktisk ingen som eksakt veit kva som eigentleg utløyser diabetes type 1. Forskarane har mange teoriar, men ingen sikre svar så langt (Type 1, 2014). På same måte er diabetes type 2 framleis meir ei gåte. Forskarane veit ein del om kva for slags faktorar som *kan* påverke utviklinga av type 2, men framleis ikkje *kva* det er konkret som utløyser sjukdomen (Type 2, 2014). Årsakene til diabetes har vore gjenstand for

spekulasjon og myter opp gjennom historia, og mange av desse har funne vegen inn i dagleglivet. Det var lenge slik at ein trudde at ein fekk diabetes av å ete søtsaker. Andre myter om diabetes som har vore og framleis er utbreidde, er til dømes:

- at diabetes er smittsamt
- at diabetes type 2 kan utvikle seg til diabetes type 1
- at du kan verte kvitt diabetesen eller kurert for den

Det er og dei som trur at du kan ha ein mild form for diabetes, eller at det er din eigen feil dersom du får sjukdomen. Dette kan vere særslig belastande å høyre for unge diabetikarar. Å få høyre at du kan få diabetes av å ete mykje sukker, at diabetikarane ikkje kan ete sukker, eller at du ikkje kan få køyre bil, er heller ikkje dei enklaste uttalane å ta imot, men det verste er at dei ikkje stemmer. Dette er mytar om diabetes som folk trur er korrekte, og det utgjer ein del av den kunnskapsbasen som folk har om diabetes, der dei ikkje har fått informasjon som tilseier noko anna (Grotdal, 2014). Denne folketrua er på si side med på å gjere ein alt krevjande situasjon - å få diagnosen - endå verre for dei ungdomane det gjeld.

### **3.2.1 NY KUNNSKAP OG KONSEKVENSANE AV DEN**

Forskinga kring årsakene til diabetes er eit av satsingsområda. Behandling er eit anna, og her har det vore gjort store framsteg. No veit vi at eit usunt kosthald kan vere med på å leggje tilhøva til rette for at diabetes type 2 kan utvikle seg, men det kan ikkje forårsake sjukdomen. Det må vere ein genetisk disposisjon til stades (Grotdal, 2014; Type 1, 2014; Type 2, 2014).

Det er derimot ingen tvil om at livsstilen påverkar diabetesen til dei som har sjukdomen. Diabetikarane kan leve som vanleg, med den kosten som vert anbefalt for sunne, friske menneske. Det å ete mykje frukt og grønt, minst fem porsjonar om dagen, grovt brød, og lite sukker og feitt, vert rekna som eit sunt og godt kosthald for dei fleste (Type 1, 2014). Eit lite problem med frukt og grønt er at det er mange frukter som har eit høgt innhald av naturlege sukkervariantar, og at dei difor kan vere lite tenlege for ein diabetikar i det daglege kosthaldet (Sundgot-Borgen, 2014).

For ungdomar kan det imidlertid vere andre faktorar som har høgare fokus enn matvarar og kosthald. Relasjonane til dei andre i klassen eller gjengen er ofte viktige, og ungdom er ofte opptekne av å ikkje skilje seg ut (Helgeson, 2006: 42; Von Tetzchner, 2001: 602-603). Det som ungdomar har fokus på, er å tilhøyre, eller

vere ein del av noko. Med andre ord: Ungdomar vil gjerne tilhøyre ei gruppe, og dette gjeld også diabetikarane (Von Tetzchner, 2001: 600). Når dei kjem i tenåra, har dei eit sterkare fokus på å vere som jamaldringane sine og delta i dei same aktivitetane. Mange av desse aktivitetane, til dømes utprøving av alkohol og nattevake, har ikkje verre konsekvensar for ein normal tenåring enn vondt i hovudet og kvalme i magen dagen etter. Derimot kan ein diabetikar få større vanskar med å kontrollere blodsukkeret, med dei problem det inneber.

Ei av utfordringane forbunde med lågt blodsukker (hypoglykemi) er at symptomata på dette kan vere vanskeleg å skilje frå alkoholpåverknad. Dette gjeld både for diabetikaren sjølv og for dei som observerer diabetikaren si åtferd (Langeland, 2010). Blodsukkernivået kan verte faretrugande lågt utan at nokon reagerer på dette. Det vil i mange tilfelle ikkje verte oppdaga før diabetikaren sjølv måler nivået - noko diabetikaren kanhende ikkje gjer når han eller ho er påverka av alkohol (Hypoglykemi, 2014). Men det ein må hugse på, er at ungdomar må få prøve seg fram og teste grensene sine, og dette gjeld òg diabetikarane blant dei (Von Tetzchner, 2001: 600). Det foreldre og andre føresette nok er opptekne av, er at dei har den naudsynte ballasten til å ta dei riktige vala for seg sjølv.

Diabetesforbundet er interesseorganisasjonen til diabetikarane i Noreg. Det arbeider for å spreie informasjon om tilstanden, gje kunnskap til medlemene sine, leggje til rette for at folk kan ta ansvar for sjukdomen sin, og i tillegg til dette stør dei forsking kring diabetes. I tillegg til desse oppgåvene, er Diabetesforbundet ein høyringsinstans for det offentlege i alle saker vedrørande diabetikarar (Vedlegg 5), ein pådrivar for opplæring (Vedlegg 4), og ein aktør i samband med statsbudsjettet (Vedlegg 3). Dei har og ein eigen ungdomsorganisasjon, Ungdiabetes, som arbeider primært for og med unge diabetikarar frå 14 til 30 år.

Diabetesforbundet har som eit fast innslag at alle møter vert opna med lystenning: Eitt lys for at det går an å leve godt med diabetesen, og eitt lys for at det går an å døy av diabetesen. Det som gjer forskjellen mellom eit godt, langt og eit mindre godt og vesentleg kortare liv, er informasjon. Informasjon til dei som har sjukdomen, til dei pårørande, og til alle dei som rører eller har påverknad på livet til diabetikarane. Som til dømes skulen.

### **3.3 LOVVERK OG RETNINGSLINER FOR SOSIALT MILJØ OG LÆRINGSMILJØ I SKULEN**

Det finst lover og retningslinjer for både det sosiale miljøet og for læringsmiljøet i skulen, og desse har også noko å seie for diabetikarane og kvardagen deira på skulen.

#### **3.3.1 OPPLÆRINGSLOVA**

Kapittel 9a i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova, 1998), er som før nemnt i sin heilskap via eleven sitt skolemiljø, både det fysiske og det psykiske. I §9a-1 står det som nemnt innleiingsvis: «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring». No er ikkje det fysiske miljøet eit problem for dei fleste diabetikarar, dei fungerer stort sett på lik line med resten av elevane.

Den delen av skolemiljøet som kan by på problem for diabetikarane, er det *psykososiale miljøet*. Dette kan verte problematisk til dømes ved fysisk aktivitet eller turar. Når aktiviteten aukar må blodsukkeret målast oftare, og dette kan føre til at det oppstår uheldige situasjoner. Det kan vere kommentarar, spørsmål eller utrop frå dei andre elevane som utløyser kjedelege eller vondte situasjoner og fører til at diabetikaren vegrar seg mot å utføre naudsynte handlingar som kan utløyse ytterlegare kommentarar. Slike hendingar kan føre til at diabetikaren får ein utrygg kjensle i skolemiljøet, eller at diabetikaren kjem i ein stilling der han eller ho nektar for at dei har diabetes (Diverse, 2009; Haug, 2010; Kakleas, 2009: 340-343). Sett under eitt, kan dette utløyse ein situasjon som er særstakt uheldig for eleven med diabetes.

Opplæringslova legg føringer for det psykososiale miljøet og seier mellom anna noko om kva som er uakseptable handlingar. Dette omfattar etter §9a-3, «krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme». Det kan sjå ut som at det ikkje er gjort særlege studiar på *kva* born vert mobba for, berre *at* dei vert mobba. Det er difor ikkje mogeleg å seie kor mange diabetikarar som opplever dette som eit problem. Mange forteljingar frå diabetikarar fortel likevel om store mørketal på dette feltet (Diverse, 2009). Dei fortel mellom anna om mobbing i form av andletsuttrykk og lydar, som er vanskeleg for ein lærar å ta tak i dersom det ikkje skjer rett framfor læraren. Andre former for problemåtferd frå dei andre elevane si side er

uønskte og gjentekne spørsmål, avsky-erklaringar eller utbrot når dei ser sprøyter eller blodsukkerapparat, og tildeling av skuld når årsakene til diabetes vert diskutert. Skulen kan ta tak i desse utfordringane, og delvis førebyggje at problem oppstår. Dette kan gjerast gjennom å sørge for at det er fasilitetar for diabetikarane som sikrar private rom og gje informasjon som stettar behovet til skulen og klassane.

## **4.0 TEORETISKE PERSPEKTIV**

Den teoretiske bakgrunnen for masteroppgåva mi finst for det meste i den sosiokulturelle tilnærminga til læring og i teoriar som relaterer seg til denne. Teorien til Lev S. Vygotsky er grunnleggjande for den sosiokulturelle tilnærminga, men det finst òg synsvinklar hjå andre teoretikarar som kastar lys over problemstillinga mi. Desse inkluderer mellom andre Barbara Rogoff og Albert Bandura.

### **4.1 SOSIOKULTURELLE LÆRINGSPERSPEKTIV**

Sosiokulturelle teoriar vert i Phillips og Soltis' «Læring – Teorier og prinsipper for læring», lagt fram som teoriar som ser på mennesket som ein del av ei sosial gruppe, og følgjeleg på læring som sosialt situert. Dette perspektivet ser på barnet som uløyseleg knytt til den sosiale samanhengen det er ein del av, og læring som ein interaksjon mellom barnet og miljøet eller personar i miljøet. Dette gjeld alle aspekt av læring, både dei formelle krava som skulen set, og dei uformelle krava som gjeld sosial omgang og kodar i kvardagen (Phillips, 2000: 102).

Det finst framleis ikkje nokon universelt akseptert definisjon av læring. Ein definisjon er: «Læring er ein varig endring i åferdsmekanismane som involverer spesifikke stimuli og/eller spesifikke responsar, og som er eit resultat av tidlegare erfaringar med desse eller liknande stimuli og responsar» (Domjan, 2003: 14). Dette kan beskrivast som ein definisjon på erfaringslæring. Sokrates spør retorisk om ein lærer nye ting fordi ein kan noko frå før, eller fordi ein ganske enkelt lærer noko nytt utan førehandskunnskap. Dette utgjorde eit problem som han løyste gjennom å tilskrive alle menneske ein viss medfødd kunnskap (Phillips, 2000: 22). Dewey såg på kunnskap som sosialt utvikla og framstilt i samarbeid med andre (Phillips, 2000: 92), som Vygotsky også gjorde, og definerte dermed læring som noko som er både sosialt naudsynt og situert (Phillips, 2000: 96).

Læring er, slik det vert vurdert i det sosiokulturelle perspektivet, ein naudsynt og integrert del av det sosiale livet i gruppa for at denne skal fortsetje å eksistere. Dette perspektivet finn vi og i teorien til John Dewey (Phillips, 2000: 93). Dewey er ikkje rekna blant dei sosiokulturelle teoretikarane, men har nokre samanfallande idear om læring, mellom anna om det som i sosiokulturell teori vert kalla *mediering*.

#### **4.1.1 LEV SEMONOVITCH VYGOTSKY: DET SOSIOKULTURELLE PERSPEKTIVET**

Den russiske psykologen Lev Semonovitch Vygotsky (1896-1934) vert rekna som grunnleggjaren av kulturhistorisk psykologi. Han har og gitt viktige bidrag innafor psykologisk metodologi, (spesial-) pedagogikk, spesialpsykologi, kulturanthropologi, utviklings- og kognitiv psykologi, psykolinguistik, pato- og nevropsykologi (Egidius, 2000: 549; Phillips, 2000: 94).

Nokre av dei sentrale elementa i Vygotsky sin teori er *den proksimale utviklingssona* og *stillas*. Den proksimale utviklingssona opnar for kva barnet kan klare med hjelp eller støtte, og stillas er den oppbygginga eller støtta som ein mentor eller eit miljø byggjer rundt barnet (Phillips, 2000: 95; Vygotsky, 1978). I tillegg har *mediering*, forklaring eller synleggjering, ein sentral plass i sosiokulturelt læringssyn, der høgare mentale funksjonar og menneskeleg handling vert mediert gjennom verktøy; tekniske eller teikn (psykologiske) (Phillips, 2000: 96; Vygotsky, 1978: 19-75; Wertsch, 1991: 28-33). Den høgaste forma for psykologisk verktøy er språket, som gjer at høgare former for læring, problemløysing og tileigning av ferdigheter vert mogleg (Phillips, 2000: 96).

#### **4.1.2 ARVEN ETTER VYGOTSKI – UTVIKLING OG PÅBYGGING**

I kjølvatnet av Vygotsky sine teoriar har det vakse fram mange arvtakarar, kvar med sine påbyggingar og utbroderingar. Til dømes Mikhail Mikhajlovitsj Bakhtin (1895-1975) (Wertsch, 1991: 46-66), og Barbara Rogoff. Barbara Rogoff sin teori byggjer vidare frå Vygotsky og ser på det faktum at born sjølve vel i stor grad når dei engasjerer seg og går inn på rettleiing frå andre. Born kan med andre ord veksle mellom aktiv deltaking og observasjon i dei fleste situasjonar, og dei nyttar dette aktivt. I følgje sosiokulturell teori er alle born særstakt avhengige av både eksplisitt

instruksjon og rettleiing, men også av indirekte tilrettelegging. Det kan vere fysisk tilrettelegging, med alt frå leikeområde til laboratoriefasilitetar, til at den vaksne planlegg slik at dei får tid til å observere og oppleve. Slik utviklar born si intellektuelle forståing gjennom å høyre på forklaringar og motta instruksar, men også ved å observere andre og etterlikne det modellane gjer (Isik-Ercan, 2010: 1; Rogoff, 1993: abstract). Og nettopp i denne forståingsmodellen finn vi ein tilknyting til det som Albert Bandura kallar «Sosial Kognitiv Teori».

## 4.2 SOSIAL KOGNITIV TEORI – ALBERT BANDURA

Albert Bandura (1925-) har med sin sosial kognitive teori (1986)(Albert Bandura, 1989b) søkt å vise korleis læringa i stor grad vert etablert gjennom modell-læring eller observasjonslæring i sosiale kontekstar (Von Tetzchner, 2001: 29). Bandura har i fleire studiar vist at observasjonslæring spelar ei stor rolle for utvikling av mellom anna aggressjon. Gjennom fleire forsøk har han vist at born lærer gjennom modellar; vaksne eller andre born som fungerer som rollemodellar i gitte situasjonar. Dei lærte mellom anna gjennom observasjon av åtferd, til dømes på film, og seinare ved utprøving i laboratorium der borna gjentok det dei hadde sett (Von Tetzchner, 2001: 205-206, 296, 421-422, 543, 563-564). Dette er relevant i høve studien då vaksne rollemodellar i eit skolemiljø kan vere alle dei vaksne som elevane kjem i kontakt med. Han har mellom anna vist korleis dette fungerer, i laboratoriekontrollerte forsøk med born som fekk sjå ein voksen banke opp ei Bobo-dokke. Desse vaksne vart delt i tre kategoriar: dei som vart straffa for det dei hadde gjort, dei som vart belønna for det dei hadde gjort, og dei som ikkje fekk korkje straff eller belønning. Dei vaksne vart då modellar for borna sin leik etterpå, og leiken vart tydeleg påverka av det dei hadde sett, med valdeleg åtferd mot leikene og kvarandre. Dette gjaldt der dei vaksne hadde fått belønning eller ingen reaksjon, medan det var avgrensa med herming etter modellane der desse hadde fått straff (Albert Bandura, 1971: 5; Albert Bandura, 1989b: 21-32; 1991: 250-256; Phillips, 2000: 97-98).

Eit sentralt omgrep hjå Bandura er «self-efficacy». Det vil seie betydinga av personen si tru på *eiga* meistringsevne (Albert Bandura, 1989b: 1175-1178; 2001: 10-11; Wormnes, 2005: 36, 103, 106). I alle situasjonar der det er forventa ei handling, vil forventningane som barnet har til seg sjølv og eigen suksess vere med på å avgjere kva for slags handling dei vel å utføre. Der dei ikkje har tru på at dei kan

utføre handlinga, eller at dei ikkje kan få det ønska resultatet, vil mange velje å avstå frå å utføre handlinga (Albert Bandura, 1989a: 1175-1178; 2001: 10-11).

## **5.0 KUNNSKAPSTEORETISK BAKGRUNN OG METODEVAL<sup>2</sup>**

I denne oppgåva har eg valt bruke J. Amos Hatch (2002) sine inndelingar og strukturerte oppsett med tanke på forskingsmetode. Han har eit klårt oppsett av vitskapsparadigme som kan vere nyttig å sjå nærmare på.

Eit paradigme vert innan forsking omtala som: Tradisjonar som har svart på fylgjande fundamentale spørsmål på ein solid og fullgod måte: Kva er dei fundamentale byggjesteinane som utgjer universet? Korleis interagerer desse med kvarandre og med sansane? Kva spørsmål kan vi legitimt stille og kva for teknikkar kan vi bruke for å få svar? Svara på desse spørsmåla definerer fundamentalt ulike system når det gjeld korleis verda er organisert, kva vi kan vite om henne og korleis vi kan få denne kunnskapen (Hatch, 2002: 11). Paradigma representerer med andre ord fundamentalt ulike vitskapssyn. Der det positivistiske paradigmet seier klart at absolutt kunnskap er produktet, vil det multi-vokale paradigmet hevde at absolutt kunnskap er ein illusjon, og dette har konsekvensar for måten dei omhandlar validitets- og reliabilitetsspørsmåla.

Paradigma som Hatch deler inn i, er det positivistiske, det post-positivistiske, det konstruktivistiske, det kritisk-feministiske paradigmet, og det han kallar det fleirstemmige eller multivokale paradigmet. Alle desse paradigma har klart definerte spørsmål og metodar for å finne den kunnskapen dei søker, men i realiteten er det flytande grenser mellom paradigma. Dette skuldast i stor grad at vilkåra endrar seg over tid, og at ein må tilpasse spørsmål og metodar etter skiftande kontekstar (Hatch, 2002: 13). Andre forfattarar og forskarar nyttar gjerne andre inndelingar, alt etter kva for fokus dei har og kva for tradisjon dei definerer seg inn i.

Det konstruktivistiske forskingsparadigmet er kan hende meir anvendeleger enn det post-positivistiske, særleg av di eg ser røynda som subjektivt oppfatta og tolka og fortolkar mine informantar gjennom den same oppfatninga (Hatch, 2002: 15).

<sup>2</sup> = Kap. 5 er delvis basert på eksamen i metode, PSYK 202b (Mundal, 2007).

Konstruktivistane – det vil seie dei som reknar seg inn i det konstruktivistiske paradigmet - meiner at det finst multiple versjonar av røynda. I dette legg dei at alle menneske har ei oppfatning av det som skjer rundt dei, men alle har ikkje dei same minna, eller dei same persepsjonane i ein gitt situasjon.

To personar kan vere til stades i den same situasjonen, og oppleve det same, men likevel gje to ulike bilete av kva det var som skjedde når dei vert spurde om dette etterpå. Som døme kan ein tenkje seg ein fødsel. Det er tenkjeleg at mor, far, jordmor og barn har heilt ulike minner. Med andre ord at fødselen vert opplevd og oppfatta heilt ulikt. Psykologane forklarer dette med at alle har ulike filter som alle persepsjonar går gjennom, og dette får oss til å sjå, fortolke og hugse hendingane ulikt. Dette gjeld til dømes ved ulike former for affekt (Forgas, 2001: 296, 301,303, 307-308, 312-316). Eg vil kan hende ta det eit skritt lenger og seie at dei ikkje berre har ulike filter, men ulik ståstad.

Røynda er med andre ord ein individuell konstruksjon og kunnskapen om denne vert konstruert av forskar og informant i samarbeid. Dette vert gjort gjennom dei naturalistiske kvalitative metodane som deltakande observasjon, intervju og fokusgrupper, og produkta er case studium, narrativ, tolkingar og rekonstruksjonar (Hatch, 2002: 15-16). Metodane til konstruktivistane stiller store krav til validering undervegs, mellom anna gjeld det informantane; at dei er sannferdige og gjev korrekte opplysningar ut i frå sin ståstad. Dette er også med på å påverke kor reliabel forskinga vert vurdert å vere. Dette vert nærare forklart under punkt 5.5.

## **5.1 KVALITATIV METODE**

Kvalitative forskingsdesign dreier seg som oftast om intervju, fokusgrupper, case studium og observasjon. Av desse designa er kan hende observasjon det mest klassiske eksempelet som folk kjenner til. Då knyttar dei det gjerne til den einsame forskaren i jungelen eller ørkenen blant innfødde (Nadel, 1952). Observasjon er ein metode som ofte vert delt inn i ikkje-deltakande og deltagande, med ein glidande skala imellom desse ytterpunktene. Dette er likevel ein definisjon som det rår strid om: Debatten går mellom anna på om det i det heile er mogleg å snakke om ikkje-deltakande observasjon (Hatch, 2002: 73). Intervju kan plasserast på ein likande skala, frå særskilt strukturert til ein rein samtale, der blant anna formålet med intervjuet og settinga det finn stad i, vil vere med på å avgjere forma.

Andre forskingsdesign er til dømes etnografiar, mikroetnografiar, etnometodologi, artifakt analyse, historiske studium og historiografi, grunnlagsteori studium, naturalistiske undersøkingar, studium av symbolsk interaksjonisme, narrativ studium, utdanningskritikk, fenomenologiske studium, aksjonsforskins studium og samarbeidsstudium (Hatch, 2002: 21-32).

### Kvalitativ metode

Kvalitativ metode skil seg frå kvantitativ metode både når det gjeld kva ein spør om og korleis ein stiller spørsmåla. Der kvantitativ metode har sin styrke, er der ein skal stille dei same spørsmåla til mange menneske gjennom skjema (spørjeskjema), og der ein skal forske på spesifikke mekanismar, som ein til dømes gjer i laboratorieforsøk. Dette gjeld også til dømes studiar der ein skal sjå på effekten av eit medikament, og ofte vil nytte såkalla randomiserte kontrollstudiar. Randomiserte kontrollstudiar er studiar der ein set ei gruppe som har fått medikamentet opp mot ei gruppe som ikkje har motteke behandling, eller som har fått placebo (Krumsvik, 2014: 27-28).

Kvalitativ metode har på si side sin styrke der ein er på jakt etter forståinga som menneske – til dømes elevar - sit med, eller korleis dei oppfattar verda si. Denne tilnærminga kan òg nyttast ved medisinske undersøkingar, til dømes der ein ynskjer å sjå på kva for andre faktorar som er viktige i ein behandlingssituasjon, ut over det reint medikamentelle (Krumsvik, 2014: 28).

Ofte er utvalet ved ein kvalitativ studie mindre enn ved ein kvantitativ studie. Dette har sine årsaker i mellom anna statistikk: Statistiske utrekningar krev eit større grunnlagsmateriale for å kunne gje svar på dei spørsmåla som vert stilte. Når det gjeld kvalitative studiar, er ikkje storleiken på populasjonen så viktig, her er det djupna i intervjuet som gjeld, kva for informasjon intervjuobjekta kan gje.

No kunne eg ha intervjuet fleire og gjort meir ut av det eg hadde til rådvelde, men tid og ressursar var avgrensa, og det var heller ikkje spørsmål om meir frå studiet si side. Når så dette likevel var omfanget av den undersøkinga eg skulle gjennomføre, var det naturleg for meg å fokusere på dei opningane kvalitativ metode gav meg til å gå i djupna på det temaet eg ville undersøkje.

### **5.1.1 UTVÅL**

Utvålet er basert på frivilligheit, ved at dei som ynskte å vere med på studien, sjølve tok kontakt. Dette vart ordna gjennom Diabetessenteret i Hordaland, som sende ut invitasjonen til studien til alle aktuelle ungdomar i rett aldersgruppe, altså ungdomar i alderen 13 – 18 år. Men dette hadde og ein konsekvens: Dei diabetikarane som ikkje var medlem av Diabetesforbundet, fekk ikkje invitasjon og fekk fylgjeleg ikkje bidra til studien. Dersom eg ville invitert alle dei som vart diagnostisert med diabetes i den aktuelle aldersgruppa, hadde dette bydd på heilt andre utfordringar. Det hadde involvert å få ut lister frå sjukehusa i det geografiske området eg var interessert i, noko som i følgje lover og reglar ikkje let seg gjere (Personopplysningsloven, 2001, endra 2013).

Det neste kriteriet, var at dei som tok kontakt, hadde eit reelt ynskje om å bidra. Men dette ekskluderte òg mange som ikkje hadde overskot til eller ynskje om å bidra av ulike grunnar. Desse grunngjevingane kunne vere særsviktige for studien, som at desse ungdomane hadde ein særsviktig vanskeleg diabetes og/eller problem med skulen som tok så mykje tid og krefter at dei ikkje hadde overskot til å vere med i ein studie. På den andre sida kunne det like gjerne tyde på at dei hadde ein særsviktig regulert diabetes og ingen vanskar i høve skulen i det heile.

Andre kriterier for utval var alder; 13-18 år. Denne aldersgruppa vart valt då det er i denne alderen at dei fleste byter skule, og vert sett på som meir sjølvstendige. Dei kjem ut av den trygge kokongen som mange ser på barneskulen som, og må sjølve takle diabetesen sin, til dels utan sikringsnettet som ein kontaktlærar på barneskulen trass alt utgjer. I tillegg er dette ein alder der fysiologiske endringar gjer at diabetesen vert meir uregjerleg for mange, noko som kan føre til fleire problem, mellom anna med blodsukkerstabiliteten (Langeland, 2010; Skolen og diabetes, 2014).

For å få det breiaste grunnlaget og dekke heile spennet i aldersgruppa, ville det ideelle, sett frå min ståstad på det tidspunktet eg sende ut breva, vere tre elevar på ungdomsskuletrinnet og tre på vidaregåande skule. På eit seinare tidspunkt syntte det seg at dette ikkje ville ha noko å seie for studien (Hatch, 2002: 50; Silverman, 1993: 248-254). Likevel oppnådde eg nesten det som eg i utgangspunktet hadde sett meg som mål, ved at tre av intervjuobjekta som meldte seg var frå ungdomsskulen, medan

to var frå vidaregåande skule. Eg enda opp med fem intervjuobjekt i alt, og desse viste seg å vere spreidde ut over heile aldersgruppa.

### **5.1.2 INTERVJUGUIDE**

Fokuset i intervjuguiden ligg på konkrete opplevingar og eleven sine reaksjonar på desse. Eg har vektlagt opplevingar med høgt eller lågt blodsukker, fordi desse har verknader langt utover den konkrete episoden: Sviktande konsentrasjon, åtferdsendring, og generelt nedsett ålmenntilstand er mellom fylgjetilstandene til både høgt og lågt blodsukker. Hjerneskader er heller ikkje ukjent, og dette kan mellom anna gå ut over minnet, både korttids- og langtidsminnet, innlæringsmekanismane og tida eleven må ha til rådvelde for å tilegne seg nye ferdigheteit (Brands, 2004: 159-161; Haug, 2010; Yau, 2010: 2298).

#### **Intervjuguiden**

Den første bolken av intervjuguiden omhandla informasjon om intervjuobjektet (IO), diabetesen til IO og kva for haldningar IO hadde til skulen, lærarane og medelevane. I denne delen av intervjuet var det IO som var i fokus, og det å verte kjend med IO. I tillegg var det ofte at IO hadde spørsmål vedrørande studien, og desse prøvde eg å ta i denne delen av intervjuet. Det spørsmålet eg fekk oftast, var «Kva skal dette intervjuet brukast til?». Eg forklarte korleis intervjuia skulle nyttast, og la vekt på at den innsatsen dei la ned, med å stille opp som intervjuobjekt, var avgjerande for at studien skulle verte eit godt fundament for vidare arbeid.

I bok nummer to var det organiseringa av skuledagen som var i fokus. Når det gjeld spørsmåla som omhandlar organiseringa av dagen, så er dei meint å klarlegge nærmere kva slags føresetnader skulen gir sine elevar med diabetes når det gjeld førebygging av høgt blodsukker. Aktivitet er viktig for alle, men når ein har eit ustabilt blodsukker å halde i sjakk, er det særstakt å sitje stille i timesvis. Og derre er stillesitjing noko ein gjerne forbind med skular. I tillegg ville eg gjerne vite om det var nokon form for tilrettelegging for IO og korleis det i so tilfelle vart oppfatta av dei andre elevane.

Den siste bolken dreidde seg om korleis IO opplevde kvardagen i skulen; opplevingar og reaksjonar. Denne delen av intervjuet involverte ofte forteljingar,

altså beretningar om konkrete episodar som illustrerte IO sine oppfatningar av medelevar og lærarar.

Alle spørsmåla som gjaldt haldningar, reaksjonar, opplevingar og liknande dreidde seg heile tida om kva IO trudde og meinte i situasjonen. Slik prøvde eg å få fram heilskapen i situasjonane slik dei fortuna seg for informantane.

Det eg primært forsøkte å få svar på var den subjektive opplevinga og det unike perspektivet til kvart enkelt intervjuobjekt (Vedlegg 1). Det oppnådde eg til ein viss grad, men i etterpåklokskapens lys burde eg nok ha hatt litt fleire oppfylgingsspørsmål og spørsmål som gjekk meir i djupna i tematikken. Som eg oppdaga tidleg i prosessen: Det er like mange måtar å stille spørsmål på som det er potensielle IO.

### **Utfordringar ved spørsmålsstilling**

Det er forskjellige måtar å stille spørsmål på, etter kva for type svar ein ønskjer (Hatch, 2002: 41-43). Opne spørsmål vert ofte brukt for å få ein informant til å fortelje friare, for så å snevre inn med meir og meir spissa spørsmål ettersom intervjuet skrid framover. Opne spørsmål har i midlertid den ulempa at nokre gonger gjer dei informanten usikker, og når det gjeld den aldersgruppa som eg fokuserte på, er dette særskilt viktig. Silverman snakkar om kor viktig det er å gå frå *korleis* til *kvifor* (Silverman, 1993: 297-298). Eg hadde lagt opp til relativt opne spørsmål, men fann fort ut at eg måtte starte i den andre enden av spekteret. Det tyder at eg starta med konkrete spørsmål, for at ungdomane skulle kjenne seg att i situasjonen. Med andre ord, slik det ofte vert gjort i ein skulesituasjon. Etter kvart kunne eg så gå over til meir opne spørsmål og få dei til å fortelje friare. Alt i alt var eg likevel nøgd med dei svara og den mengda av informasjon som eg fekk. Ikkje minst var eg nøgd med at informant og intervjuar drog intervjeta i hamn saman, noko som var eit mål for meg (Silverman, 1993: 86).

#### **5.1.3 INFORMERT SAMTYKKE**

Det vart sendt ut brev med informasjon om studien og eit skjema for informert samtykke til dei som meldte seg som intervjuobjekt (Vedlegg 2). Dette vart sendt ut via Diabetessenteret i Hordaland som dekkjer Hordaland og Sogn og Fjordane. Eg

valde å sende desse to dokumenta ut i same sendinga, då eg ynskte å gjere prosessen så enkel som mogleg og samstundes effektivisere (spare tid).

#### **5.1.4 ANONYMITET OG FRIVILLIG DELTAKING**

Det at Diabetessenteret tok seg av utsendinga av invitasjon og informasjon, gjorde at kravet til anonymitet vart ivaretake heilt frå starten av. Eg visste ikkje kven som mottok breva, og hadde inga innverknad på kven som sa seg villige til å vere med i studien. Sidan informantane melde seg sjølve, hadde eg som før nemnt ingen kontroll over kven som vart informantar, og dette tenkte eg mykje på. Eg kunne ende opp med informantar som berre gav ei side av historia, eller berre 8.klassingar til dømes.

Det viste seg i midlertid at dette var ei prematur bekymring.

Når dei som ønskte det, hadde meldt si interesse, tok eg følgjande grep for å sikre at deltakarane hadde full anonymitet: Deltakarane vart anonymiserte gjennom fleire ledd. Først gjennom at namn og intervjunummer vart halde kvar for seg. Deretter ved at namna på intervjuobjekta vart sletta så snart transkriberinga var gjennomført. I tillegg vart kontaktinformasjonen til deltakarane delt opp og oppbevart på ulike harddiskar. Denne informasjonen vert og sletta når prosjektet er avslutta, men vert ståande fram til eg har sendt alle deltakarane ein kopi av oppgåva slik at dei kan lese henne og kome med tilbakemeldingar. Studien vart og innsendt, evaluert og godkjend av personvernombodet for forsking, før eg i det heile starta med å søkje etter deltakarar (Vedlegg 6).

#### **5.2 GJENNOMFØRING AV INTERVJUA**

Intervjua vart gjennomførte der det passa intervjuobjektet best, og innafor dei tidene som passa best for kvar enkelt. Tidspunkta for intervjeta vart dermed i stor grad bestemt av intervjuobjektet. Det same gjaldt til ein viss grad stadene der intervjeta fann stad: Eg kom med forslag til stader som var innafor området der intervjuobjektet budde, og dei valde den plassen som passa dei best.

### **5.2.1 STAD OG RÅMER FOR INTERVJUA**

Intervjua fann stad på særsla ulike stader: Heime i mi eiga stove, på seminar, på kafé, på skype eller telefon, og råmene var og forskjellige. Det eg kunne tilrettelegge, vart gjort, slik at alle intervjeta fann stad i ein privat atmosfære. Ute i det offentlege rommet er det avgrensa med stader som kan vere private nok til ein fortruleg samtale eller eit intervju. Dette var ikkje det same som eit magasinintervju, portrettintervju eller nyhendeintervju. Desse formene er og intervju, men alle intervju kjem med ulike krav til privat rom rundt seg (Hatch, 2002: 92-96). Eit forskingsintervju kan røre ved særsla sensitive spørsmål, og for at informanten skal kjenne seg trygg nok eller avslappa nok til å svare på desse spørsmåla, er det viktig at settinga er så optimal som situasjonen tillet. Det var ikkje alle stader som var eigna eller optimale for intervjustituasjonen, jamfør at eit av intervjeta fann stad på ein kafé og eit anna av intervjeta fann stad på eit hotell, men med velvillig innstilling frå både intervjuobjekt og personale der det var eit tema, fekk eg gjennomført intervjeta på noko som eg trur var ein god måte. Intervjuobjekta mine gav og uttrykk for at stemninga var avslappa og god.

Tidmessig var intervjeta spreidde over 8 månader, og kvart intervju tok rundt ein time i snitt. Sett i ettertid, kunne eg nok ha teke meg betre tid med enkelte av informantane, men tida vart avgrensa ikkje berre av meg, men også av informantane sine timeplanar og avtalar. Nokre gonger måtte intervjeta pressast inn mellom ulike gjeremål og tilpassast familielogistikken, andre av informantane hadde avtaler eller var på gjennomfart og hadde eit visst vindauge med tid før dei skulle rekkje ei ferje.

### **5.2.2 BRUK AV INTERVJUGUIDEN**

Intervjuguiden var i utgangspunktet eit hjelpemiddel for å kome i gong med intervjuet, og ved fleire høve gjekk vi utanom denne, når intervjuobjektet sjølv tok styringa, eller når vi kom inn på eit tema som eg ville vite meir om. Som styringshjelpemiddel fungerte intervjuguiden etter intensjonen (punkt 5.1.2).

### **5.3 TRANSKRIBERING OG ANALYSE**

Ein gjennomarbeidd intervjuguide viste seg å vere ein nytig arbeidsreiskap. Ikkje berre i møtet med informantane, men og i analysedelen av arbeidet, då fleire av kategoriane for analysen vart gitt i gjennom strukturen på intervjuguiden. Analysen vart gjort etter modell av Hatch (Hatch, 2002). Han skildrar fem generelle tilnærmingar til analyse: Typologisk, induktiv, tolkande, polyvokal og politisk. I skildringa av kvar enkelt metode framhevar han at dette er retningsgivande analysemetodar, og at fleire, gode analysesystem er skildra av andre forskrarar og forfattarar (Hatch, 2002: 151).

Den analysemodellen som eg valde å bruke ein variant av, var *tolkande analyse*. I denne analysemodellen er fokuset på forskaren si evne til å finne mening og til å tolke dei svara som informantane gir. Forskaren les då gjennom datatilfanget for å skape ei kjensle av heilskap i det. Deretter kjem dei inntrykka som forskaren har fått gjennom prosessen. I lys av desse inntrykka les ein så gjennom heile datatilfanget att, og tolkar dei svara ein har fått med kontekst og kroppsspråk inn i samanhengen. Hatch er tydeleg på at kategoriseringa av analysemetodar kan vere problematisk, ettersom alle element er til stades i dei ulike analysemodellane i ulik grad, men vektlegg klart at desse kategoriane er som rammeverk å rekne, og at adaptering av dei ulike metodane er både naudsynt og eit spørsmål om tilpassing (Hatch, 2002: 151).

### **5.4 KATEGORISERING AV FUNN**

Som nemnt, så var den første delen av analysen å lese gjennom datatilfanget og få ei oversikt over heilskapen. Deretter var det mine eigne inntrykk og observasjonar som var i fokus. Når denne delen av analysen var fullført, delte eg grovt inn i to kategoriar: «Erfaring med lærarar» og «Erfaring med medelevar». Deretter gjekk eg inn på findeling innafor desse, med opplevingar, positive og negative, tilhøve til desse grupperingane, utfordringar, fordeler og ulemper ved status som diabetikar, og framtidsretta råd til begge desse gruppene.

Den non-verbale kommunikasjonen er samlenamnet for alt det som informantane fortalte, men ikkje sa. Eg delte denne inn i kategoriane kroppsspråk, andletsuttrykk, og non-verbale ytringar, og såg vidare på kva for vurderingar som vart

gjort, kva for kontekstar som var gjeldande i dei ulike situasjonane, og kva for påverknad informanten var under der dette var aktuelt.

Ein samtale vert ofte ført på fleire plan samstundes. Med *plan* tenkjer eg mellom anna på:

- det verbale - det som vert sagt
- kroppsspråk
- i småord og gjennom non-verbale ytringar, som ehm, æh, øh, samt rørsler som skuldertrekk, forsiktige smil eller andre andletsuttrykk, blikk og hovudrørsler.

Alle dei elementa som vart observerte av meg som intervjuar, vart nedskrivne eller nedteikna etter intervjuet for seinare vurdering. Under ein skilde intervju var det og nokre andre personar tilstades, og desse personane sette sitt preg på situasjonen. Dei var ikkje påtrengande, men likevel vart dei ein faktor som måtte reknast med. Informantane som hadde med følgje, var merksame på dei personane dei hadde med, og tok enkelte signal og teikn frå dei. Dette inkluderte nikking, oppmuntrande smil og lydar, som ja, mhm, fortsett og liknande.

Kroppsspråk utgjer størsteparten av menneskeleg kommunikasjon, og er ofte underbevisst. Det vil seie at avsendaren ikkje er klar over at han eller ho kommuniserer mykje meir enn det dei seier. Og ofte heilt andre ting enn det som vert sagt. Den non-verbale kommunikasjonen er noko vi ofte ikkje er bevisste på, men som vi alle brukar. Kroppshaldning, korstagde armar og bøygd nakke er eksempel på kroppsspråk (Bjørklund, 2010; Gifford, 2002: 121-133; Myers, 2004: 113-114). Forsking på feltet non-verbal kommunikasjon og kroppsspråk er spreidd over mange fagdisiplinar, mellom andre sosialpsykologi, miljøpsykologi, forsking på personlegdom, emosjonar og leiingsteori (Domjan, 2003;Forgas, 2001; Gifford, 2002; Myers, 2004; Wormnes, 2005).

## 5.5 VALIDITET, RELIABILITET OG GENERALISERING

Validitet, reliabilitet og generalisering er omgrep som er vesentlege i forsking, og viktig som basis for vidare studiar. Av desse tre omgrepa, gjeld generalisering i første rekkje kvantitative forskingsdesign. Men felles for all forsking, er at dei krava som vert stilte til forskinga som vert gjort, er at ho skal vere reproducable, etterretteleg, og så langt råd er, sjekka for feil og manglar i kvart ledd. Dette har eg

etter beste evne søkt å gjere undervegs i arbeidet, ved heile tida å stille kritiske spørsmål og dobbelsjekke det som er skrive (Hatch, 2002: 10).

Det å ha validitet og reliabilitet for auget gjennom heile forskingsprosessen er eit godt utgangspunkt for å kunne takle dei utfordringar og problem som måtte oppstå undervegs. Når det gjeld reliabilitet og validitet er begge elementa i tillegg avhengige av ein god operasjonalisering av omgrep og variablar.

Operasjonalisering vil seie å gjere eit omgrep eller eit objekt ”spørbart”: At det vert mogleg å stille spørsmål for å avdekke eigenskapar og ulike sider ved objektet for spørsmåla, og utvikle så mange testverdige implikasjonar som mogleg. Det kan også definerast, i kvantitative design, som ideen om at alle konsept i vitskaplege teoriar må på ein eller annan måte vere grunnlagt i eller lenka saman med observerbare hendingar som kan målast (Stanovich, 2004: 37). Men operasjonalisering gjeld også i kvalitative design. Forskingsspørsmåla må vere klare og så langt det er mogleg ikkje til å misforstå, slik at du får mest mogleg informasjon om emnet. I tillegg må dei vere presise for at informasjonen skal gje svar på det ein ønskjer å vite (Krumsvik, 2014: 97-112).

### **5.5.1 VALIDITET OG RELIABILITET**

#### **Validitet**

Validitet i kvalitativ så vel som kvantitativ forskingsdesign vert definert som ein eigenskap ved omgrep, påstandar, logiske konklusjonar, teoriar eller testar vedrørande gyldighet (Egidius, 2000: 541). I kvantitative forskingsdesign er dette relativt greitt å ta tak i. I kvalitative design handlar det framleis om det same: Gyldigkeit, men det kan opplevast som vanskelegare å få tak på. Dette av di forskingsdesigna ofte vil verte til medan ein arbeider og gjer undersøkingane, og det er mogleg, for ikkje å seie påkravd, med slingringsmonn og improvisasjonsevne dersom ein ikkje skal gå glipp av informasjon. Alt dette set krav til kvar enkelt forskar om å vere ryddig og klar i forskingsnotatar og journalar. Det kan også seiast slik, at validering bør vere grunnlaget i heile forskingsprosessen, og ligge i botnen for alle delar av arbeidet (Krumsvik, 2014: 151).

Validitet vert gjerne delt i fleire ulike omgrep, alt etter kva vi snakkar om. Den kategorien som til ein viss grad vedkjem denne oppgåva, er innhaldsvaliditet. Det vil seie at innhaldet er gyldig og stemmer overeins med det eg i utgangspunktet spurde om. Andre kategoriar inkluderer empirisk validitet, omgrepsvaliditet, indre validitet og ytre

validitet. Men desse omgrepene er først og fremst brukte når det dreier seg om kvantitative design. Når det gjeld kvalitative design er følgjande definisjon god å ha for augen: «The extent to which an account accurately represents the social phenomena to which it refers» (Silverman, 1993: 232).

### **Reliabilitet**

Reliabilitet er det andre omgrepet som står sentralt i forsking, og omhandler kort sagt i kva grad observasjonsresultatet kan reproduceres. Eller, som det står i Silverman: “Refers to the degree of consistency with which instances are assigned to the same category by different observers or by the same observer on different occasions” (Silverman, 1993: 306, glossary)

Reliabilitet i kvalitativ forskingsdesign vert med denne definisjonen av reliabilitet særskilt vanskeleg å oppnå, då det er nærmest umogleg å reproduksere dei same omstenda gong på gong. I kvalitative design vert reliabilitet då oppnådd først gjennom grundig bakgrunnsarbeid. Deretter må du heile tida å ha det for augen at andre forskarar skal kunne gå i gjennom det du legg fram og gjenta studien eller reproduksere resultata og konklusjonane du dreg på bakgrunn av desse (Silverman, 1993: 229-230). Dette vert ofte kalla transparens – «gjennomskinelegheit». Reliabilitet er med andre ord det å kunne stole på at resultata let seg reproduksere eller replisere, anten av dei same deltagarane i ulike situasjonar eller av ulike deltagarar i same situasjonen. I det konstruktivistiske paradigmet er det vanleg å bruke *truverde*, det vil seie overføringsverdi, eller om resultata kan stolas på, og *stadfesting* til erstatning for indre og ytre validitet, reliabilitet og objektivitet (Hatch, 2002: 16).

### **Vurdering av informantane og sjølvvurdering**

Mine informantar i denne studien har heile tida stått fram som opne, ærlege og til å stole på. Dei representerer i stor grad dei ressurssterke diabetikarane, med oppbakking frå familien, stor støtte i kameratgjengen og eit stort og sterkt kontaktnett. Ein av dei er også aktiv i Ungdiabetes og har eit høgt kunnskapsnivå om sin eigen situasjon og framtidssutsikter vedrørande diabetesen sin.

Derimot har min eigen integritet vore gjenstand for intens granskning gjennom heile prosessen. Er mine tolkingar gyldige og til å stole på? Har eg teke dei naudsynte grepene for å sikre at det er informantane si stemme som vert høyrt og ikkje mi? Eg trur og meiner at dette har vore gjennomtenkt og ettersett i gjennom heile

prosessen, men eg tek atterhald om at mine personlege meiningsar og tankar om temaet kan ha påverka mine tolkingar av materialet. Så vert då spørsmålet: Er dette unngåeleg? Dei fleste meiner at så lenge forskaren er innsamlaren av data, og ein har med menneske å gjere, så er det uungåeleg at ein liten del av forskaren sit att i resultatet. Utfordringa for forskaren vert i dei fleste tilfelle å minimalisere si eiga stemme (Hatch, 2002: 51-52, 65-69; Silverman, 1993: 83-118).

### **5.5.2 GENERALISERING**

Å generalisere på bakgrunn av fem intervju ville vere umogleg i følgje kvantitativ metodikk, men i det kvalitative designregimet er det fullt mogleg å gjere det. Generalisering kan delast opp i fleire ulike spørsmål eller element, der det viktigaste spørsmålet er: *Kven* skal generalisere (Krumsvik, 2014: 159-160)? I følgje Krumsvik kan generalisering delast i tre typar: Lesargeneralisering, der lelsen kjänner seg att i dei funna som er presenterte, nationalistisk generalisering, der lelsen opplever ein samanheng mellom sin eigen situasjon og situasjonen som er skildra, og analytisk generalisering, der forskaren gjennom kunnskap, erfaringar og tidlegare case gir ein velfundert analyse for i kor stor grad funna i den aktuelle studien kan gje nokre peikepinnar eller markørar for vidare forsking på området (Hatch, 2002: 226-228; Krumsvik, 2014: 159-160; Silverman, 1993: 248-249)

## **6.0 PRESENTASJON AV FUNN**

Analysen viser at det som alle informantane hadde til felles, var at dei hadde gode relasjonar til lærarane sine. Det gjaldt i første rekke kontaktlærarane, som elevane hadde eit godt inntrykk av, og tillit til. Dei andre lærarane som underviste klassen, eller som klassen møtte i løpet av ei veke, var det enkelte informantar som gav inntrykk av eit meir distansert tilhøve til, men dette var høgst individuelt. Nokre av informantane gav inntrykk av å vere særstak opne og tillitsfulle, medan andre var meir reserverte som personar, og dette vil naturleg nok setje sine spor også i tilhøvet til andre rundt dei.

Informantane sitt tilhøve til medelelevane meinte dei sjølv var generelt bra, sjølv om nokre av informantane hadde sine reservasjonar når det gjaldt enkelte

grupper av elevar og enkelte grupperingar i klassane. Til dømes fortalte dei følgjande:

«Klassane er stort sett greie, du veit, dei tullar seg jo innimellan, og sånt... Det er nokre som ikkje er så greie, men dei har eg liksom ikkje så mykje å gjere med».

«Elevane er greie, dei, i alle fall elevane i min klasse, altså. Det er nokre sågne gjengar, særleg i 10.klasse, dei kan vere ekle. Eg likar ikkje å ha gym på måndagar, for då er dei der og».

«Nei, altså, eg har ingenting å klage på...altså, det nokre gutar...det er berre ord...men dei er litt...ufine».

Det var stor variasjon i storleiken på skulane, og denne faktoren kan ha noko med ulikskaper i relasjonane til medelevar å gjere, då store skular har ein meir uoversiktleg elevmasse, medan mindre skular kan gjere det umogleg å gli inn i massen av elevar. I det følgjande vil eg presentere i større detalj dei funna eg gjorde.

## **6.1 DEN DAGLEGE SITUASJONEN I KLASSEN**

Skuledagane er for diabetikarane som resten av elevane: Nokre dagar er relativt aktive, andre er teoritunge. Sjølv om skulane har vorte meir og meir merksame på det viktige i å ha ein variert dag, er det framleis slik at for dei fleste sitt vedkomande er det teorifaga som er flest og tyngst på timeplanen. Dette får direkte følgjer for born og unge med diabetes, då rutinane med blodsukkermåling og insulindosering må tilpassast graden av aktivitet i kvardagen. Oppå dette kjem behovet for karbohydrat, energi til hjernen ved harde mentale utfordringar, som gjerne følgjer den eine delen av dagen. Dette vil krevje meir insulin for å halde blodsukkeret stabilt. Men fysisk aktivitet vil redusere behovet for insulin, meir dersom det er krevjande fysisk aktivitet, mindre dersom det gjeld til dømes gøymespel eller andre tilsvarande aktivitetar (Fysisk aktivitet, 2014). Blodsukkeret er også avhengig av dagsforma til diabetikaren. Har ein hatt ei natt med lite søvn, kan dette føre til høgare insulinbehov,

det same gjeld ved infeksjonar (Hyperglykemi, 2014; Hypoglykemi, 2014). Når vi ser på skuletimane, vert biletet endå meir nyansert og komplekst.

Ein skuletime kan ha mange slags innhald, frå rein teori og krevjande oppgåver, til meir blanda innhald og praktiske timar. Dette set naturleg nok store krav til konsentrasjonsevna, og som tidlegare nemnt set dette ekstra store krav til diabetikarane. Når biletet vert så komplekst, er det klart at målingar og vurderingar som vert gjort undervegs, vert like komplekse. Fleire av informantane mine gav uttrykk for at dei sette pris på oppfølging i kvardagen, men dei fleste nemnte ein av foreldra som den dei tok kontakt med når det var noko dei lurte på eller vurderingar dei var usikre på.

## 6.2 TILHØVET TIL LÆRARANE

Opplevingar av det positive slaget var det mange av, men dei fleste av desse hadde ingenting med diabetesen å gjere:

«Eg tror læreren er grei, han har i alle tilfelle gitt et godt inntrykk. Men skoleåret har nettopp begynt».

«Læraren vår er kjempegrei, og eg trur ho er ganske flink med diabetes òg. Ho fulgte i alle fall med når mamma var der og informerte».

Det vart klart for meg at det var ein generell kjensle av tiltru til læraren, men at denne tiltrua ikkje gjaldt problemepisodar:

«Når eg har føling, så har eg en kamerat som alltid stiller opp for meg, så slipper eg å plage læreren».

«Eg har mamma og pappa på speed-dial på telefonen, så det e bare å ringe når eg ikkje føler meg bra. Det e jo best med folk som kjenner deg godt når sanne ting skjer, og læreren kjenner meg ikkje så godt».

Då var det framleis foreldra som var den sikre støtta.

Når det er sagt, så var det enkelte som hadde hatt positive opplevingar med diabetesutfordringar, der læraren var avgjerande for at det løyste seg på ein god måte. Ei slik oppleving var når ein av informantane fekk høgt blodsukker, og vart sitjande utan kontakt med klassen eller læraren over ein periode. Læraren, som reagerte på eleven si unormale åtferd, gjekk rett ned og tok hand om blodsukkerapparatet. Etter litt startvanskjer fekk læraren målt blodsukkeret, som var altfor høgt, og fekk eleven til å setje insulin. Deretter fekk eleven gå og leggje seg inne på pauserommet, og læraren sørget for at det var tilsyn på eleven fram til denne hadde kvikna såpass til at eleven kunne vende attende til klassen. Følgjande utdrag frå eit av intervjuet fortel korleis denne situasjonen vart opplevd av informant:

Nei, altså, eg sat på plassen min og venta på at timen skulle starte. Læraren var sein, for det var noke han måtte fikse ute, med nokken andre elevar, eg trur dei var frå parallellet. Og...så blei eg litt svimmel, og liksom tung i hove...og så hugsa eg ikkje noke før læraren sto der og rista meg i skuldra. Han såg orntli bekymra ut, og så spurde han om kor blodsukkermålaren min var. Han fomla litt først, og eg heldt på å somne, men så fekk han målt og sukkeret var skyhøgt! Så då måtte eg sette insulin og så fekk eg ligge inne på lærerværelset på ein sofa til eg var betre. Eine kontordama kom inn og såg til meg omrent kvert femte minutt, stakkar ho hadde vel andre ting å holde på med!.

Når det gjeld opplevingar av det negative slaget så var dei overraskande vanskeleg å få tilgang til. Dette tolka eg slik at informantane var særskilt lojale overfor lærarane sine og ikkje ville setje dei i eit dårlig lys. Det var først når eg forklarte at eg ikkje var ute etter å «ta» lærarane, men at eg vona at forskinga mi skulle kunne gje dei ei hjelpende hand på sikt, at informantane opna opp om dette temaet:

«Å, ja, altså...då vil du jo hjelpe dei, då. For det er ikkje alle som tar imot informasjonen som vi har gitt, eller dei har jo tatt imot den, men...det e'kje alltid dei hugsar...».

Ein av informantane var derimot særskilt klar på kva for meining vedkomande hadde om saka, og hadde i tillegg fleire hendingar å rapportere om:

«Eg syns det e flott, eg. At du tar tak i dette, mener eg. Ja, for det e jo helt håpløst mange ganger, å få de til å høre, mener eg».

Negative opplevingar hadde ein fellesnemnar: Manglande eller mangelfull kunnskap hjå lærarane. Dei dreidde seg utan unntak om episodar der eleven hadde hatt høgt eller lågt blodsukker, og fleire av desse episodane var kraftige og gav biverknader som hovudverk, nedsett konsentrasjon, svimmelheit, skjelvingar, og liknande:

Eg følte meg helt forferdelig, ristet og skalv, og var helt rar i hovve. Så kommer en lærer bort til meg og spør meg om eg tror eg e morsom... Han trodde eg spilte dom, eller full. Når eg ikkje klarte å svare uten å snøvle, så drog han meg inn på ett kontor og gav meg masse kjeft for å tulle meg. Eg målte meg etterpå, hadde 2.3.

Symptoma på høgt blodsukker kan for enkelte minne om høg feber, i tillegg kjem hjartebank, høg puls og tørste. Mange av dei som opplever slike episodar vert også sære sovnige (Hyperglykemi, 2014). Ved lågt blodsukker kan symptoma arte seg som at personen er påverka av alkohol, både i utvendig åtferd og i kjensla personen har «på innsida» (Hypoglykemi, 2014). Informantane som hadde desse opplevingane, opplevde å få tilsnakk for framferda si, og vart avfeia når dei forsøkte seg med forklaringar.

Ein av informantane fortalte om ein episode der informanten gav beskjed om at han hadde lågt blodsukker og trengde mat for å få blodsukkeret opp att. Læraren sitt svar var: «Du kan ta deg fem minutt på gangen». Informanten var indignert når denne episoden vart fortald: «Fem minutt! Det trengst minst ein halv time før blodsukkeret er stabilisert!» Slike episodar fortel om manglande kunnskap og informasjon. Det verste for den siste informanten var likevel at denne sjølv hadde teke initiativ til å fortelje klassen og læraren om diabetesen sin to veker tidlegare. Ein heil time hadde vorte stilt til disposisjon, og denne tida vart brukt. Så ikkje berre opplevde informanten at det ikkje vart ytt hjelp eller støtte i situasjonen, men at informasjonen som hadde vore gjeven to veker tidlegare, ikkje hadde vorte teke i mot trass i at læraren var til stades under informasjonen:

Eg hadde forberedt meg godt, og hadde med power point og alt mulig, brosjyrar og sånt. Og eg snakket i en hel skoletime om diabetes, og føling og høyt blodsukker og ketoacidose og alt det der. Og så fikk de andre elevene i klassen stille spørsmål om det de ville vite. Læreren satt no der, ved kateteret, og bladde i protokollen, eg tror ikkje han såg på meg før eg var ferdig, då sa han takk for foredraget!.

### **6.3 TILHØVET TIL MEDELEVANE**

Som tidlegare nemnt, så var det varierande storleikar på skulane, og dermed variasjonar i elevmassen og storleiken på denne. Alle informantane rapporterte om gode relasjonar til klassen sin, og gode vener i gruppa som var ei støtte i kvardagen. Mange av informantane stolte meir på medelevane enn på læraren dersom uhellet skulle vere ute, fordi medelevane hadde vist interesse for å lære seg kva som måtte gjerast i slike situasjonar. Dette kom fram når eg ba dei setje opp ei liste i prioritert rekkjefølgje over kven dei ville be om hjelp i stress- eller uheldige situasjonar. Dei rapporterte også om eit godt sosialt miljø i klassane sine, og hadde berre godt å seie om dei andre elevane:

«Klassen min virker veldig greie. No har eg bare kjent dei i to månader, men dei er veldig sosiale, og vi har vert på kino sammen hele klassen og sånn».

«Jentene i klassen er veldig greie, dei bryr seg skikkeleg om kvarandre og heile gjengen er samansveisa. Eg trur av og til at gutane er misunnelege på oss!».

Biletet vart likevel litt annleis når eg tok med det dei ikkje sa, men gav uttrykk for i non-verbal kommunikasjon. Dette vil eg diskutere under punkt 6.7.

### **6.4 FORDELAR OG ULEMPER**

Det kan synast rart at eg snakkar om fordeler med ein diagnose, men mange opplever faktisk at diagnosen kan vere ein fordel, eller at dei har «frynsegoder», sett frå dei andre elvane sitt synspunkt. Informantane gav uttrykk for ein del godlynt misunning

frå resten av klassen når det gjaldt eting, kva ein kunne ete, og, slik dei oppfatta det, fri frå undervisninga. Men alle medaljar har ei baksida, og baksida her er manglande rom til å trekke seg attende og få styr på eit rebelsk blodsukker, manglande forståing for at dette er naudsynt, og manglande oppfølging når ein episode inntraff.

#### **6.4.1 FORDELAR**

Diabetikarar som opplever lågt blodsukker, må ete for å få dette opp att på eit normalnivå. Dersom episoden er kraftig, altså at blodsukkeret er særslig lågt, må ein ha følingsmat tilgjengeleg. For mange diabetikarar inneber dette reint praktisk at dei må ha ei sjokoladeplate i sekken til ein kvar tid. Når slike episodar inntraff midt i ein time, er det klart at resten av klassen ser det, og følgjene av den: At diabetikaren får sitje i timen og ete, utanom dei tidene resten av klassen får dette, og gjerne slik mat som normalt ikkje er lov på skulen; sjokolade eller annan söt mat og drikke.

Dette kan oppfattast som frynsegoder for diabetikaren, og ein del av informantane gav og uttrykk for at dei sjølve kjende på at dette stemde. Andre informantar hadde ikkje inntrykk av at resten av elevane såg noko føremun i diagnosen i det heile, og var meir opptekne av det dei oppfatta som ulempar ved sjukdomen.

Dette kan relaterast direkte til opplæringslova, §9a-1, og alle elevane sin rett til «eit godt fysisk og psykososialt opplæringsmiljø». Elevar med diabetes har rett til å få tilrettelagt tilhøva slik at dei kan fungere optimalt i skulesituasjonen, også ved slike høve som lågt blodsukker. Med andre ord er dette forskjellsbehandling for at dei skal ha like føresetnader. Med ei sjokoladeplate i lomma er diabetikaren godt rusta til å vere med på skogstur eller fjelltur, eller på fotballbana.

#### **6.4.2 ULEMPER**

Det å ha diabetes inneber eit konstant regime med måling, insulindosering og vurderingar i høve aktivitet og mat. Dette er slitande for dei fleste, i alle høve i periodar, og det at du alltid må tenkje før du gjer noko er ein ulempe i seg sjølv. Kan hende gjeld dette spesielt for tenåringer, som har tusen tankar i hovudet frå før av om ein skal tru det dei sjølve seier:

«Eg vet'kje, eg. Eg tenker ikkje så mykkje på det. Altså, eg vett at det e viktig, det e'kje det, men det e så mykkje ant eg må tenke på. Og så e det kameratar og sånt».

«Dei seie at du kan ha tusen tankar i hove...veit ikkje heilt om det e tilfelle, men det kjennest ganske fullt! Tenkje i grunnen ikkje på diabetesen når eg e oppteken på ettermiddagane, ikkje før det skjer noe, då».

Å ha mange tankar i hovudet samstundes kan verke forstyrrande for konsentrasjonen for dei fleste, og det vil ikkje akkurat gjere det enklare å halde blodsukkeret under kontroll. Måltid, tidspunkt, aktivitet og energibehov kan vere utfordrande nok for ein ungdom utan diabetes, noko ungdomane sjølv er klare på:

Det vert så mykje at hove omrent vert sprengt nokre gonger! Når eg er med på ein del aktivitetar, så vert det ikkje akkurat lett, då veit du. Fotballen tek i alle fall tre kveldar i veka, pluss kampar, og symjinga tek resten av veka. Og så skal ein jo vere litt sosial, sånn utom det òg, då.

Ja, altså, eg har jo kamsporttrening fire gangar i uken. Karate vil det si. Og så går eg på svømming, men det e meir en hobby, ikkje seriøst. Skolearbeidet tar tid, mykkje tid, og så vil du jo være sosial med tjommiar og sånt....og damar, heh. Nei, eg merkar at diabetesen ikkje har den oppmerksomheten den skulle ha hatt, og det får jo konsekvensar, då. Så eg slurvar med måling, og då blir det ofte, altfor ofte, føling. Dumt, for det gjør jo nokke med deg på sikt.

Men i tillegg til dette problemet, som er det same for alle ungdomar, har diabetikarane problemet med sjukdomen sin.

Informantane uttrykte at deira diabetes hadde vorte meir arbeidskrevjande; der dei før hadde hatt eit greitt regime med sprøyte før dei gjekk på skulen og sprøyte når dei kom heimatt, hadde det vorte meir å halde styr på. Og det var dei sjølve som hadde ansvaret for dette:

Ja, no ska eg vere helt ærlig, eg va pisseredd! Eg visste jo at eg hadde det så de kallar en ustabil diabetes, så det va'kje det at eg gledde meg til å fikse alt sjølv. Men det va deilig å sleppe maset til mamsen, litt, då.

Heldigvis var dei fleste av mine informantar utanfor den mest krevjande gruppa, og hadde stort sett kontroll over diabetesen sin, med nokre episodar med hypoglykemi eller hyperglykemi undervegs. Den informanten som hadde ein problematisk diabetes, var så heldig at det var ressurssterke foreldre som trådde til når det var problem, informanten opplevde nemleg ingen støtte eller forståing på skulen. Med eitt heiderleg unntak; gymnastikkklæraren, som hadde både kunnskapen og interessa for eleven:

Han, gymnastikkklæreren altså, han e helt utrolig! Ikkje bare e han flink i faget sitt og steike sprek, men han e som en blodhund. Eg svergar på at han kan sniffe seg fram til elevar som har problemar. Og han vet ka det handlar om!

I avsnitt 6.5 nemnde eg nokre eksempel på ulempar, mellom anna manglande rom, både i bokstaveleg og overført tyding. I overført tyding gjeld dette tid og privatliv til blodsukkermåling, insulinsetjing, og eventuelt tid til rekonvalesens etter episodar av særslig alvorleg karakter. I bokstaveleg tyding er det fysiske rom som vert etterspurt, eit rom som eleven kan gå inn i når dei treng privatliv til sprøyter og liknande, og eit rom der dei kan kvile ut når dette er naudsynt.

## 6.5 FRAMTIDSTANKAR

Ingen av informantane hadde i utgangspunktet gjort seg opp nokre tankar om framtida, men når eg spurde dei litt nærare, fann eg at dei hadde håp og draumar som dei fleste andre. Nett kva for yrke dei skulle ha, var ikkje klart, men at dei skulle ta vidare utdanning var sjølvsagt. Som nemnt under punkt 7.3.2 har diabetikarar nokre yrker som det er vanskeleg, for ikkje å seie praktisk talt umogleg å satse på, men sett bort frå desse ligg framtida og yrkesval heilt ope for dei.

Ein av informantane såg fram til eit halvt år på Bali, der examen philosophicum stod på programmet. Som ny diabetikar; diagnosen vart stilt berre eitt år før intervjuet fann stad, var det mykje ved sjukdomen som framleis ikkje var kjend

for informanten. Likevel gjorde vedkomande seg klar til å reise ut og stå heilt på eigne bein, utan sikkerheitsnett eller støtteapparat. To av dei andre informantane skulle vidare innan idrett, og hadde sett seg ut ein kurs innanfor utdanning, som lærarar på idrettsgymnas eller liknande. Resten tykte det var for tidleg å leggje planar for framtida og hadde ingen spesifikke tankar om denne enno.

Men ein ting hadde dei tenkt på: Grep som skulen kunne ta for å gjere tilhøva endå betre for diabetikarar og andre med funksjonshemminger. Mellom dei råda som vart nemnt, var: Betre informasjon, kursing av lærarar og anna personell, tilrettelegging av fysiske føresetnader som gjer kvardagen lettare for dei elevane som har behov for det. I tillegg nemnte alle saman behovet for å vere opne og rause med seg sjølve, og det viktige med å «invitere medelevane inn i diabetikarverda», fortelje om diabetesen og gje dei høve til å stille spørsmål.

## **6.6 NON-VERBAL KOMMUNIKASJON**

Som nemnt under punkt 5.4, Kategorisering, er eit intervju ikkje berre det som vert sagt. Eit intervju er ein strukturert eller semi-strukturert samtale, og som i alle samtalar, går kommunikasjonen føre seg på fleire plan samstundes. Ei ytring som til dømes: «Eg er fjorten år og har type 1-diabetes», kan seiast på mange ulike måtar, og med eit vell av ulike kroppsspråk og andletsuttrykk. Dette endrar naturleg nok tolkinga òg, utsegna tyder ikkje det same med eit reservert kroppsspråk som det gjer dersom informanten har eit aggressivt uttrykk når ytringa kjem. Dette kallar vi *non-verbal kommunikasjon*. Non-verbal kommunikasjon er samlenamnet for alt det som informantane fortel, men ikkje seier. Den non-verbale kommunikasjonen er gjerne bestemmande for korleis ein skal tolke ytringar som kjem, og eg valde å dele denne inn i kategoriane kroppsspråk, andletsuttrykk, og non-verbale ytringar. Vidare såg eg på kroppslege responsar eller reaksjonar på spørsmåla som vart stilte, på informantane sine vurderingar der desse var tilgjengelege, på kva for innverknad konteksten hadde i dei ulike situasjonane, og kva for påverknad informanten var under der dette var aktuelt.

### **Intervjua**

Dei to mest avslappa intervjuia hadde eg over telefon og over skype. Her var intervjuobjekta heilt rolege og gav inntrykk av at dei hadde kontrollen over både seg

sjølv og intervjet. Informantane som snakka med meg i desse settingane var tydelege, gjennomtenkte, hadde ein avslappa kroppshaldning (skype-intervjet), ei roleg og avslappa stemme og var i det heile særslig opne og villige til å svare på dei spørsmåla eg hadde. Kan hende var dette ein reaksjon på at det var fysisk avstand mellom intervjuar og informant, vi var trass alt på ulike stader. Informantane kan ha fått ein distanse til intervjet som gjorde det enklare å distansere seg frå situasjonen og tenkje meir analytisk i gjennom dei responsane dei kom med.

Intervjet i kafé-settinga var eg og nøgd med, sjølv om informanten hadde problem med å slappe av i starten, men losna det etterkvart. Dette skjedde etter at eg hadde stilt nokre spørsmål om intervjet med litt humoristisk tone. Eg såg at det sat to ungar ved nabobordet på rundt 3-4 år. «Jaja, då sit vi her, og eg kan sjå at intervjugpolitiet har rigga seg til med spanarar ved nabobordet!» Informanten såg først forskrekka ut, men då dei dei to ungane ved nabobordet vart observert, vart det latter og så var isen broten.

Far til informanten var og med. Dette var og den yngste informanten i studien, nett fylt 13 år.

Dei to eldste informantane mine, ein av dei hadde fylt 17 år og den andre hadde tre månader att til 19-årsdagen, gav meg dei mest komplekse og utfordrande intervjustituasjonane, men samstundes dei mest innhaldsrike intervjuia. Det første intervjet eg gjennomførte, med den eldste informanten, fann stad heime hjå meg, i stova. Då informanten kom inn og sette seg i sofaen, med kjærasten sin, var informanten litt anspent. Men blikkontakten vart etablert med ein gong. Det å ha det første intervjet på heimebane gjorde at eg vart tryggare på meg sjølv, men det hadde nok ei viss innverknad på informanten. Denne informanten stilte og med følgje, kjærasten var med, og dette trur eg påverka informanten slik at informanten kjende seg tryggare enn det som elles ville vore tilfelle.

Det siste intervjet fann stad på eit årsmøte, i ein salong som hotellet ikkje brukte på det tidspunktet. Informanten var aktiv i Ungdiabetes. Under intervjet gav informanten eit særslig sjølvsikkert og roleg inntrykk og var både informativ og reflekterande. Samstundes var informanten engasjert i samtalen, og hadde mykje å fortelje, slik at intervjet tok sine eigne vegar til tider. Informanten hadde eit kroppsspråk som i stor grad følgde emosjonane i samtalen, og forsterka det informanten sa. Dette var den mest informative samtalen eg hadde i studien, og samstundes den med det kan hende mest negative innhaldet, ettersom dette var den informanten med dei

sterkaste negative opplevingane. Informanten hevda sjølv at desse opplevingane hadde vorte snudd til noko positivt gjennom arbeidet i Ungdiabetes.

## **7.0 TEORETISK ANALYSE OG DRØFTING**

Når eg vurderer desse funna ut i frå ulike teoretiske synsvinklar, vert dei ulike elementa sett inn i eit overordna system. Teorien som eg har valt for denne oppgåva er sosiokulturell teori og sosial kognitiv teori. I tillegg bruker eg Lov om grunnskolen og vidaregåande opplæring (Opplæringslova). Eg har prøvd å analysere opplevingane som vert skildra undervegs og relatere desse til både dei teoretiske forklaringsmodellane og til det eksisterande lovverket.

### **7.1 – FRÅ DET SOSIOKULTURELLE PERSPEKTIVET**

Sosiokulturell teori fortel noko om korleis barn lærer i sosiale kontekstar. Den proksimale læringssona er den sona der barnet kan få ting til sjølv, med hjelp eller rettleiing frå vaksne eller andre førebilete (Rogoff, 1993; Vygotsky, 1978: 84-91). Stillas er eit anna sentralt konsept i sosial læringsteori. Stillas er den støtta og oppbygginga som vaksne eller andre byggjer opp rundt barnet for å gje det maksimalt læringsutbyte (Vygotsky, 1978: 129-131). Dette er den måten ein ser for seg at læring går føre seg, reint teoretisk. Stillas og proksimal læringssone er likevel omgrep som har flytande grenser og er plastiske i den tydinga at personen som inviterer til læringa godt kan vere ein jammaldring og at stillaset kan vere ei sosial setting like så vel som ein mattetime. Sosiokulturell teori ser føre seg at læring fungerer optimalt i ein positiv kontekst.

I høve utsegnene som informantane kom med, kan ein sjå tendensar til manglande stillas. I ein tenkt situasjon der ein elev får føling og læraren veit kva som skal gjera, vil dette vere som eit stillas rundt eleven. Dette stillaset, eller tillita til at «læraren kan hjelpe meg dersom eg treng det», kan vere nok til at eleven sjølv greier å få kontroll på og balansere blodsukkeret sitt. Meistringskjensla som dette medfører vil kunne gje ein positiv effekt i framtidige følingsepisodar. Der det motsette er tilfelle, der læraren vert irritert eller stressa, vil mangelen på støtte kunne føre til at eleven heilt misser kontrollen på blodsukkeret. Det vert ein nedgående spiral der blodsukker, stress, frustrasjon og endå til sinne, påverkar kvarandre negativt.

Det er ikkje alltid at samanhengen utgjer ein positiv læringsituasjon. Når diabetikaren opplever sine episodar, som alle står i fare for å gjere før eller seinare, vert dei reaksjonane og den hjelpa eller mangelen på hjelp som diabetikaren får, avgjerande for korleis slike episodar vert handtert seinare. Ein diabetikar som er usikker i utgangspunktet, vil kunne få større problem med å handtere slike episodar dersom reaksjonane og tilbakemeldingane er negative eller ikkje-eksisterande (Forgas, 2001: 40-42).

Mange av dei situasjonane som utgjer slike læringsituasjonar, kan sjåast som negative i utgangspunktet. Det er ingen positive sider ved høgt eller lågt blodsukker, og heller ikkje ved symptoma eller etterverknadene. Korleis slike hendingar eller episodar vert handtert, vil derimot kunne avgjere korleis dei vert oppfatta av eleven. Det som kan gjere desse til ei positiv læringsoppleveling, er at dette perspektivet vert tilført av nokon som har kunnskapen om kva som forårsaka situasjonen og kva som skal til for å minske sjansen for at den oppstår att.

Forsterkande element er alle dei elementa som styrkar læringsopplevelinga, eller som bidreg til at denne får feste seg i minnet til diabetikaren (Von Tetzchner, 2001: 295). Desse forsterkande elementa kan vere alt frå mobbing i frå dei andre elevane eller grupper av elevar, til negativ merksemd frå læraren. Som referert i punkt 6.2 hadde nokre informantar därlege erfaringar med lærarar og manglande kunnskap. Slike episodar med sterke emosjonar i, vert ofte liggande fremst i minnet og forsterke seg etter som tida går. Likegyldigkeit kan på same måte vere ein negativ forsterkar. Men det same gjeld òg for forsterkarar med positive forteikn. Desse kan vere positive element, som ros, avvæpnande kommentarar, støttande kommentarar og praktisk hjelp (Von Tetzchner, 2001: 295).

### **7.1.1 MODELLAR I KVARDAGEN**

I sosial kognitiv teori av Albert Bandura legg han mellom anna vekt på modell-læring; at born observerer åtferd blant eldre born og vaksne og tek etter denne åtferda i leik og i dagleg omgang.

#### **a) Personale som modellar**

Når det gjeld personale som modellar er det viktig å hugse på at dette gjeld heile personalet på skulen, ikkje berre lærarar. Administrasjonen er truleg under meir

oppsyn enn dei er klar over, og elevane kan leggje og tolke mykje inn i kvart ord og kvar handling som kjem derifrå. Reinhaldspersonale er og ein viktig del av skulen, og har i mange tilfelle god kontakt med elevane. Sist, men ikkje minst, kjem lærarane. At desse er modellar for elevane er noko som har vorte godt etablert i mange ulike forsøk og undersøkingar gjennom tidene (Von Tetzchner, 2001: 29, 421). Alle desse vert då modellar som elevane ser opp til, eller vert påverka av i ulike situasjonar. Reaksjonane til vaksne personar som er til stades når noko uventa, skremmande, eller ekkelt hender, vert difor modellar som elevane tyr til når situasjonen oppstår på nytt. Dei fleste vil nok kategorisere blodsukkerekisodar som både uventa og skremmande, og for nokre sitt vedkomande, direkte ekle, og det er difor viktig at dei som har ansvar i slike situasjonar veit kva dei skal og bør gjere.

### **b) Medelevar som modellar**

Men også medelevar kan fungere som modellar for åtferd. I skulekvarden er det ofte elevane sjølv som reagerer først når noko hender eller ikkje er som normalt eller som forventa. Når ein situasjon oppstår, er det den første reaksjonen som vert hugsa, som set seg i minnet, og gjerne den mest tydelege, høyrbare eller visuelt sterke reaksjonen. Dette reaksjonsmønsteret vert då gjerne teke oppatt, neste gong ein situasjon inntreff, og skaper presedens. Dersom dette er eit negativt reaksjonsmønster, kan ein lærar eller anna personale dempe eller fjerne reaksjonen heilt med sin eigen reaksjon, dersom dei er klare på dette. Fleire av informantane mine nemnde og sine medelevar som ressurspersonar, og som personar dei hadde tillit til ville ta ansvar dersom ein episode oppstod. Dette syner at medelevar òg kan vere positive modellar, som kan bidra til auka tryggleik og trivsel (Albert Bandura, 1989b: 21-32; 1991: 250-256).

## **7.2 – FRÅ PERSPEKTIVET TIL OPPLÆRINGSLOVA**

Lov om grunnskolen og vidaregående opplæring, §9a-1, styrer korleis det fysiske og psykososiale miljøet skal og bør vere. Som nemnt under punkt 3.3.1 inneber dette at det skal vere like tilhøve for alle elevane, og at det samstundes skal tilpassast slik at alle elevane får eit optimalt læringsmiljø. Teoretisk sett er dette ei overordna målsetjing og dekkjande formulering, som i røynda kan vere krevjande å gjennomføre. Lova er ikkje knytt opp mot økonomiske omsyn, men økonomiske og strukturelle føringar og

avgrensingar legg ofte eit tak over gjennomføringsevna til dei fleste skular. Kommuneøkonomien er avgjerande for skuleøkonomien og set grenser for kva for slags tilpassingar skulane kan ta seg råd til. Slik vert behov og nytte til ein ofte hard kamp om prioriteringar.

I lova vert det spesifisert ikkje berre eit godt fysisk miljø, men og eit godt psykososialt miljø, og dette siste er det som utgjer utfordringa for skulane, der det er problem.

Så kan ein spørje seg: Kva inneber dette for skulane? Den informasjonen som informantane mine kom med, seier heilt klart at skuleverket har ei informasjonsutfordring, og ei utfordring når det gjeld det psykososiale miljøet. Dei seier og kva for konsekvensar det får, dersom skulane ikkje tek tak i denne utfordringa og omset tankar til praksis:

«Det at lærerene ikkje visste, var ikkje det verste. Det verste var at de trodde de visste, og handlet på bakgrunn av det!».

Det stadig attendevendande temaet er informasjon. Informasjon og praktisk kunnskap, slik at elevane og foreldra kan kjenne seg trygge på at skulen gir borna deira optimale tilhøve for læring, både formelt og uformelt.

### **7.3 KVIFOR ER ELEVEN SITT PERSPEKTIV VIKTIG?**

Eleven sitt perspektiv er viktig, fordi det seier oss noko om korleis kvardagen fungerer for dei som er kronisk sjuke, og det fortel oss kva det er som fungerar av dei tiltaka som er sette inn. Men endå viktigare er at det fortel oss om kva det er som ikkje fungerer, og kva som treng å takast fatt i. Lovverket er innretta slik at elevane skal ha optimale tilhøve til ei kvar tid og ut i frå sin ståstad og sine føresetnader. Det er likevel ikkje slik at dette alltid fungerer i praksis slik det er tenkt i teorien. Å få elevane sitt perspektiv på situasjonen er ein viktig målestokk for om systemet fungerer slik det er tenkt. Som omtala i kapittel 3.3.1 legg Opplæringslova klare føringerar for korleis det fysiske og psykososiale miljøet på skulen skal fungere. Spørsmåla er: Fungerar lova etter intensjonane, og kva er det som må gjerast for at skulen skal verte ein optimal stad for alle elevane med diabetes? Svaret på det første spørsmålet er: Både ja og nei. I følgje mine funn er det heilt individuelt kva for

informasjon som vert gitt på skulane, og korleis denne informasjonen vert følgt opp. Svaret på den andre delen av spørsmålet er meir komplekst, fordi det i stor grad kjem an på kor fleksibel organisasjonen, altså skulen, er i høve til å tilpasse seg til kvar enkelt elev.

Sidan arbeidsmiljølova tek opp tilrettelegging og tilpassing i arbeidslivet, er diabetikarane sikra tilpassing og tilrettelegging når dei kjem ut i arbeidslivet, dersom dei har behov for dette (Arbeidsmiljøloven, 2006). Skulen er elevane sin arbeidsplass, så vel som lærarane og dei andre vaksne på skulen. Eit relevant spørsmål er om ikkje Arbeidsmiljølova burde gjelde for elevane?

Skulen er til for elevane. For *alle* elevane. Det er skuleleiinga sitt ansvar at det fungerer optimalt for kvar enkelt elev. Mange tiltak har vorte innført og gjennomført, dei fleste av desse på oppmoding frå Diabetesforbundet. (Sjå Vedlegg 3-5) Informasjon og opplæring er tiltak som forbundet og foreldra i mange tilfelle må stå for sjølve: Lærarane vert normalt informert når dei får elevar med spesielle behov, men kunnskapen om kva dette inneber kan vere høgst vilkårleg, etter det som elevane sjølve fortel.

### **7.3.1 KVAR ELEV OG KVART PERSPEKTIV ER UNIKT**

Kvar einaste elev har ei unik historie som dei legg fram, og eit unikt og individuelt perspektiv på kvardagen sin som diabetikar i den norske skulen. Dei fleste av dei som eg snakka med i løpet av intervjurunden, var stort sett nøgde med skulen, og tilfredse med lærarane på generell basis. Men då dei vart nærmare spurde om korleis kvardagen arta seg for dei, hadde dei fleste historier som får meg til å stille spørsmål ved lærarane og medelelevane sitt kunnskapsnivå. Rein basiskunnskap, som kva høgt og lågt blodsukker er og kva for konsekvensar desse har for diabetikaren, både kortsiktig og langsiktig, verkar å vere mangefull og i mange tilfelle fråverande.

### **7.3.2 KONSEKVENSAR FOR VIDARE SKULEGONG OG YRKE**

Diabetikarar har allereie ein del avgrensingar i høve yrkesval. «Rett og urett» er ein brosjyre utarbeidd og utgitt av Diabetesforbundet som tek føre seg rettar og avgrensingar diabetikarar har i høve yrke, utdanning og fritid (Rett og urett, 2014). Her går det fram at yrke som brannmann, jernbanepersonell, yrker i

petroleumsvirksemder, røyk- og kjemikaliedykkar, yrker i skipsfart, yrkesdykkar eller yrkessjåfør, alle er pålagde restriksjonar i høve diabetes. Dette er i høve til risiko for seg sjølv og andre. Alle desse, unntekte yrkessjåfør, er nær sagt stengde for personar med type 1-diabetes, medan dei er delvis opne for kostregulerte type 2-diabetikarar. For dei som fell mellom desse to kategoriane, er det vurderingar på individnivå som avgjer om dei kan eller ikkje kan ha desse yrka, eventuelt får dispensasjon.

Men det er ein haug av yrker å velje mellom, og diabetikarar kan velje å verte nær sagt det dei vil vere. Utdanninga skal i alle høve ikkje leggje føringar for kva dei skal kunne verte. Men og her finst det unntak. Befalsskulen tek som hovudregel ikkje opp personar med diabetes, og det same gjeld Norges brannskole. Når det gjeld eksamenar på vidaregåande skule, har personar med diabetes rett til ein time utvida tid, men når det gjeld høgare utdanning er ikkje denne retten automatisk og behovet må difor dokumenterast (Rett og urett, 2014).

Kva vert så konsekvensen av til dømes manglande sosial sikkerheit, uroleg blodsukker og tildels sosial angst hjå enkelte diabetikarar? Resultatet for utdanninga kan vere at dei får manglar ved kunnskapen sin, noko som forplantar seg vidare i utdanningssystemet. Det same kan gjelde dersom diabetikaren har stadige episodar med høgt eller lågt blodsukker. I følgje funna i studien er eit anna viktig tiltak at kunnskapen til lærarane bør oppgraderast, slik at dei vert betre i stand til å handtere det når slike episodar oppstår, og betre til å handtere konsekvensane av slike episodar. Konsekvensar som til dømes manglande konsentrasjon, tapte timar, behov for repetisjon (meir enn vanleg), og behov for rekreasjon etter episodar med høgt eller lågt blodsukker.

## **Utfordringar**

Utfordringane som diabetikarane står framfor i ein skulekvardag, er mange og varierande. Mosjon, aktivitet, energi, blodsukker, insulinbehov, eller kva matpakka inneheldt, er alle saman faktorar som påverkar diabetikaren sin kvardag. Men dette er berre dei fysiske føresetnadene, i tillegg kjem det psykososiale elementet inn. I samspelet mellom elevar, samspelet mellom lærar og elev og i det organiske miljøet som ein skule er, er det fleire sentrale faktorar som spelar inn i dei utfordringar diabetikaren møter i kvardagen.

Det psykososiale miljøet påverkar alle som er ein del av det. Elevar med diabetes, vert påverka på same måte som dei som ikkje har diabetes, men sjukdomen

diabetes har ein side ved seg som gjer at diabetikarane er meir sårbare enn dei andre elevane dersom det psykososiale miljøet ikkje er optimalt: Dei får ofte psykiske plager og depresjonar som følgje av diabetesen sin (Diabetespsykologi, 2010; Haug, 2010).

Diabetikarar som har eit anstrengt tilhøve til sjukdomen sin, treng tettare oppfølging enn diabetikarar som er godt regulerte og sosialt tilpassa. Eit anstrengt tilhøve kan vere til dømes når ein ikkje vil vedkjenne seg at ein har diabetes, når ein har problem med å setje insulin så andre ser, når ein ikkje vil ha tilskodarar til blodsukkermålingar, eller forklare kva ein et og kvifor. I slike situasjonar kan eit tillitsfullt og godt tilhøve til læraren vere av avgjerande betyding, då læraren kan vere medverkande til at eleven kan få ro til dei naudsynte målingane og vurderingane og trass alt klarer å regulere diabetesen sin. Ein velinformert og deltagande lærar kan og gje eleven naudsynte råd og støtte i dei vurderingane som må takast undervegs.

## **8.0 OPPSUMMERING**

I løpet av studien gjorde eg ein del interessante funn. At relasjonane var gode mellom lærar og elev, og at det var gode relasjonar mellom elevane, er vesentleg. Det har vore stort fokus på desse relasjonane i skulen dei siste åra, og mange ulike mobbekampanjar har vore sett i verk rundt om i skulane. At det framleis er eit gap mellom det kunnskapsnivået foreldre og born forventar og det reelle nivået som eksisterer ute i skulen, var vel noko overraskande. Det at kunnskapen, både den teoretiske og den praktiske, ikkje held mål, er urovekkjande.

Ikkje minst er det urovekkjande med tanke på følgjene for elevane dersom dei har ein därleg kontrollert diabetes.

Mange og kraftige følingar kan ha effektar som:

- nedsett hukommelse
- hjerneskader
- nedsett konsentrasjonsevne
- kraftig hovudverk
- svimmelheit
- kvalme

På den andre enden av spekteret finn vi høge blodsukker med sine konsekvensar:

- syreforgifting – diabetisk ketoacidose – som i alvorlige tilfelle kan ende i diabetisk koma eller død
- nedsett konsentrasjonsevne
- nedsett bevisstheit
- nyreskadar
- problem med blodomlaupet
- sår som ikkje vil gro (koldbrann)
- augeskader (nedsett syn, diabetisk blind)
- mage- og tarmproblem
- nervesmerter og muskelsmerter
- kraftig hovudverk
- kvalme/uvel i kroppen
- høg puls og hjartebank

Med såpass alvorlege konsekvensar som dette, kan ein betre forstå behovet for at informasjon og kunnskap er på plass.

Det har vore gjort fleire studiar i Danmark på korleis foreldre og barn ser på skulen og samarbeidet med skulen vedrørande diabetes. I ei av desse studia, som Diabetesforbundet Danmark ga ut i 2008, har dei funne at 83% av barna med diabetes ikkje hadde ein fast kontaktperson på skulen som kunne hjelpe dei med reguleringa av diabetesen. Vidare fann dei at kunnskapsnivået i skulane var for dårlig og at informasjonen som vart gitt om diabetes det i hovudsak foreldra som sto for. Diabetesforbundet i Danmark har det som ei av sine hovudoppgåver å kurse skular, og i tillegg jobbar dei opp mot politikarar med informasjon og krav (Danmark, 2008). Det er ingen grunn til å tru at Danmark skil seg frå resten av Skandinavia i særleg stor grad.

Diabetesforbundet Norge har gjennom lang tid lagt ned ein stor innsats, i høve både departementet og regjeringa, gjennom å informere dei folkevalde og setje fram krav i høve statsbudsjettbehandlinga, og i høve skulane for å betre på informasjonen og kunnskapane i skuleverket (Vedlegg 3, Vedlegg 4). Og nokre stader byrjar dette arbeidet å bere frukter. I Tromsø kommune har dei til dømes utarbeidd eit hefte om barn med diabetes til bruk i skulen og andre institusjonar som har med barn å gjere (Saur, 2013). Dette er utforma med ein generell del der ein får informasjon om sjukdomen og ein spesiell del der ein kan fylle inn informasjon om

den aktuelle eleven. Det er og laga ein film som ligg på youtube (Jorgensen, 2011), i tillegg til den før nemnde dvd-en som er utsend til alle skular: «Bli kjent med meg» (Diabetesforbund, 2009). I tillegg til desse filmane er det mykje anna materiale, både norsk og internasjonalt, som ligg på youtube og er tilgjengeleg for alle.

Likevel kan det stillast spørsmål ved i kor stor grad dette arbeidet har ført fram. Informantane mine gav i alle høve uttrykk for at kunnskapsnivået ute blant lærarar og medelevar er lægre enn forventa.

Det kan vere fleire årsaker til at resultata ser ut til å vere svakare enn eg såg føre meg då eg starta arbeidet med innhenting av informasjon. Det eine kan vere at det er isolerte tilfelle av skular med dåleg informasjon, og at realiteten ute i skuleverket generelt er god. Eit anna svar kunne vere at informantane mine hadde noko uoppkjort med skulen eller enkeltlærarar og tok det ut gjennom intervjuet. Det første svaret kan vere ein realitet, men det andre svaret ser eg på som usannsynleg.

I intervjuet spurde eg om informantane hadde nokre råd dei ville gje til framtidige lærarar og elevar som skulle handtere ein diabetikar i klassen. Dei råda eg fekk, var i same gate som dei andre funna eg gjorde: Openheit, kunnskap – teoretisk og praktisk, og sist, men ikkje minst, våg å spørje. Mange diabetikarar slit med å fortelje om diabetesen sin og kva for konsekvensar den har, men viss dei vert spurt er det mykje enklare å opne opp.

## **8.1 SENTRALE FUNN**

Dei mest sentrale positive funna eg gjorde er at relasjonane mellom elevar og mellom elev og lærar, var generelt gode, og at elevane i stor grad trivest i skulen. Dei kjenner seg velkomne og godt tekne vare på. Då eg kom under overflata, skein det litt tvil igjennom, men ikkje meir enn at dei fleste hadde medelevar eller voksenpersonar å ty til når uhellet var ute.

På bakgrunn av denne undersøkinga ser det ut til å ha blitt avdekkja ein generell informasjonsmangel, manglande ansvar for denne, og ein manglande praktisk kunnskap hjå personalet. Dette gir grobotn for uro og usikkerheit hjå elevane, og kan potensielt gjere skuledagen til eit vanskeleg manøvrerbart farvatn med mange skjær i sjøen. På førespurnad frå meg svara Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane at så langt dei visste, var ikkje ansvaret for å gi informasjon direkte omtala i lovverket (Per telefon 12.05.2014).

## **8.2 IMPLIKASJONAR FOR VIDARE ARBEID OG FORSKING**

Det som kan gje grunnlag for vidare forsking er nettopp dette med manglande informasjon, og det som elevane sjølve rapporterer: At det er kunnskap og praktisk kursing av personalet som må på plass før skulen vert den trygge hamna for alle elevane som han skal vere. Det er grunn til å sjå nærare på rutinane ved informasjon: Kven som får informasjon, kven som har ansvaret for å vidareformidle denne, og kven som har ansvaret for den praktiske kursinga av personalet.

## LITTERATURLISTE

- Arbeidsmiljøloven. (2006). Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven). Retrieved 04.05.2014, 2014
- Bandura, A. (1971). Social Learning Theory. 46.
- Bandura, A. (1989a). Human Agency in Social Cognitive Theory. *American Psychologist*, 44(9), 1175-1184. Retrieved from <http://www.chip.uconn.edu/chipweb/pdfs/Bandura,%202001.PDF> website:
- Bandura, A. (1989b). Social Cognitive Theory. In R. Vasta (Ed.), *Annals of child development. Vol. 6. Six theories of child development*. Greenwich: JAI Press.
- Bandura, A. (1991). Social Cognitive Theory of Self-Regulation. *Organizational Behavior and Human Decision Processes*, 50, 248-287. Retrieved from <http://www.uky.edu/~eushe2/BanduraPubs/Bandura1991OBHDP.pdf> website:
- Bandura, A. (2001). Social Cognitive Theory: An Agentic Perspective.
- Bjørklund, R. (2010). Forstå grunnlag for kommunikasjon og interaksjon mellom mennesker i en arbeidssituasjon, som for eksempel mellom leder/underordnet, mann/kvinne, ung/gammel, frisk/syk og mobber/offfer. Retrieved 15.05.2014, 2014
- Brands, A. M. A. K., Roy P.C.; de Haan, Edward H.F.; Kappelle, L. Jaap; Biessels Geert Jan (2004). Cerebral dysfunction in type 1 diabetes: effects of insulin, vascular risk factors and blood-glucose levels. *European Journal of Pharmacology*, 490, 10. doi: 10.1016/j.ejphar.2004.02.053
- Brook, U. G., A. (2001). Knowledge and attitudes of high school teachers towards pupils suffering from chronic diseases. *Journal of Patient Education and Counseling*, 43, 6.
- Carroll, A. E., Marrero, David G. . (2006). The Role of Significant Others in Adolescent Diabetes: A Qualitative Study. *The Diabetes Educator*, 32(2), 10. doi: 10.1177/0145721706286893
- Danmark, D. (2008). Børn med diabetes og deres trivsel i skolen. Retrieved 14.05.2014, 2014
- Diabetes og alkohol, D. (2011). Diabetes og alkohol. *Faktaark*. Retrieved 01.05.2014, 2014
- Diabetesforbund, N. (Writer). (2009). Bli bedre kjent med meg - Barn med type 1-diabetes i barnehage og skole [DVD]. In F. AS (Producer). Oslo: Norges Diabetesforbund (Diabetesforbundet).
- Diabetesforbundet. (2008, 03.09.2008). Diabetes historisk. Retrieved 13.05.2014, 2014
- Diabetespsykologi. (2010, 01.12.2010). Diabetes i kropp og sinn. Retrieved 07.05.2014, 2014
- Diverse. (2009). *Livet med diabetes i ord og bilder* (S. Grotdal Ed.). Merkur-Trykk AS, Oslo: Norges Diabetesforbund.
- Domjan, M. (2003). *The Principles of Learning and Behavior* (5 ed.). U.S.A.: Wadsworth/Thomson Learning.
- Egidius, H. (2000). *Psykologisk leksikon*. Oslo: Aschehoug & Co.
- Faro, B. I., Gail; Ippolito, Katherine S. (2005). Improving Students' Diabetes Management Through Schoolbased Diabetes Care. *Journal of Pediatric Health Care*, 19(5), 8. doi: 10.1016/j.pedhc.2005.03.004
- Forgas, J. P. (Ed.). (2001). *Handbook of Affect and Social Cognition*: Lawrence Erlbaum Associates, Inc., Publishers.
- Fysisk aktivitet, D. (2014, 2011). Type 1-diabetes og fysisk aktivitet. *Fakataark*. Retrieved 15.03.14, 2014
- Geist, R. G., Valerie; Otley, Anthony (2003). Psychological issues in the child with chronic conditions. *Journal of Best Practise & Research Clinical Gastroenterology*, 17(2), 12. doi: 10.1053/ybega.2003.362
- Gifford, R. (2002). *Environmental Psychology, principles and practise* (Third edition ed.). Canada: University of Victoria; Optimal Books.
- Grotdal, S. (2014). Myter om diabetes. Retrieved 04.05.2014, 2014

- Hatch, J. A. (2002). *Doing qualitative research in education settings*: State University of New York Press, Albany.
- Haug, J. (2010). *Psykologi og medisin - hvordan kan disse to fagområdene forenes?*  
[http://www.diabetes.no/filestore/-Diabetesno\\_-filarkiv/Helsepersonell/Kurs\\_og\\_konferanser/Diabetesforum\\_foredrag/PS\\_-diabetes\\_og\\_psykisk\\_helse/JonHaug-Psykologimedisin.pdf](http://www.diabetes.no/filestore/-Diabetesno_-filarkiv/Helsepersonell/Kurs_og_konferanser/Diabetesforum_foredrag/PS_-diabetes_og_psykisk_helse/JonHaug-Psykologimedisin.pdf).
- Hayes-Bohn, R. N.-S., Dianne; Mellin, Allison; Patterson, Joan (2004). Adolescent and Parent Assesments of Diabetes Mellitus MAnagement at School. *The Journal of School Health*, 74(5), 4.
- Helgeson, V. S. R., Kerry A.; Escobar, Oscar; Siminerio, Lida; Becker, Dorothy (2006). The Role of Friendship in the Lives of Male and Female Adolescents: Does Diabetes Make a Difference? *Journal of Adolescent Health*, 40, 8. doi: 10.1016/j.jadohealth.2006.07.007
- Hopkins, D. (2004). Exercise-induced and other daytime hypoglycemic events in patients with diabetes: prevention and treatment. *Journal of Diabetes Research and Clinical Practise*, 65S(7), 5. doi: 10.1016/j.diabres.2004.07.009
- Hyperglykemi, D. (2014, 2011). Diabetes og høyt blodsukker (hyperglykemi). *Faktaark*. Retrieved 15.03.14, 2014
- Hypoglykemi, D. (2014, 2011). Diabetes og lavt blodsukker (hypoglykemi). *Faktaark*. Retrieved 15.03.14, 2014
- Isik-Ercan, Z. G., Susan (2010). Guided Participation.
- Jorgensen, P. A. (Writer). (2011). Jørgen - snart seks , diabetesfilmen.  
<https://www.youtube.com/watch?v=Hlg5LzvdGek>.
